

**VAKSDAL** KOMMUNE  
*BYNÆRT BYGDELIV*

# Årsrekneskap og Årsmelding 2020

## Innhold

|  |    |
|--|----|
| Politisk organisering.....   | 3  |
| Forord frå kommunedirektør.....  | 5  |
| Økonomi.....   | 7  |
| Resultat rekneskap og måltal.....  | 7  |
| Rekneskapen 2020.....  | 10 |
| Obligatoriske skjema og oversiktar.....  | 19 |
| Investeringar .....  | 20 |
| Hovudtal drift.....  | 23 |
| Organisasjon .....   | 24 |
| Vedlegg 1: Tenesteområda .....   | 31 |
| Oppvekst .....   | 31 |
| Helse og omsorg .....  | 38 |
| Samfunnsutvikling.....   | 46 |
| Felles økonomi.....  | 48 |
| Vedlegg 2. Økonomisk oversyn.....  | 50 |
| Vedlegg 3. Noter Rekneskap.....  | 55 |
| Vedlegg 4: Konsolidert rekneskap Vaksdal Kommune og Vaksdal Kommunale arbeids og opplæringscenter (AO-senteret)..... | 69 |
| Vedlegg 5. Saker til Kommunestyre 2020.....  | 78 |
| Vedlegg 6. KOSTRA 2020 – førebels tal pr 15.03.21 .....  | 80 |
| Vedlegg 7. Meldingar .....   | 81 |

## Politisk organisering



**Hege Eide Vik, ordfører 2019-2023**

Kommunestyret er det øvste politiske organet i kommunen.

Det vert vald direkte av innbyggjarane for fire år om gongen. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av kommunen i alle saker der vedtaksmyndet ikkje er delegert vidare til andre. Kommunestyret vert leia av ordføreren, med varaordføreren som stadfortredar.

Kommunestyret vel formannskap mellom medlemmene i kommunestyret, ordfører og varaordfører. Kommunestyret kan opprette og legge ned faste utval og fastset sjølv arbeids- og ansvarsområde for slike utval. Alle saker som er av prinsipiell natur skal avgjerast av kommunestyret sjølv. Dette gjeld m.a. budsjett, økonomiplan og overordna planar for den kommunale verksemda.

### **Kommunestyret 2019-2023**

Hege Eide Vik (Sp), ordfører  
Kjartan Haugsnes (SV) varaordfører  
Thor Andersen (Ap)  
Heidi Rongved (Ap)  
Anne Christin Eide (Ap)  
Lisa Natalie Johnsen Lunde (Ap)  
Ole- Anders Brekklus (Ap)  
Ståle Kallestad Hesjedal (Ap)  
Boris Groth (Frp)  
Trygve Jacobsen (Frp)  
Erlend Hesjedal- Johannessen (H)  
Amalie Johnsen Lunde (H)  
Edvin Hesjedal (H)  
Trond Olav Magnussen (H)  
Arne Normann (Krf)  
Ivar Rødland Bergo (Sp)  
Line Eide Vik (Sp)  
Renathe Vik (Sp)  
Line Kydland (SV)  
Evy Beate Kvamme (SV)  
Mona Grenasberg (SV)



Kontrollutvalet fører tilsyn med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegner.

Kontrollutvalet har som hovudføremål å medverke til ein ålmenn tillit i befolkninga, i høve best mogleg løysing av kommunale oppgåver. Vidare at den kommunale oppgåveløysinga er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

#### Kontrollutval 2019 - 2023

Vegar Sellevold (leiar)

Anne Christin Eide (nestleiar)

Anneli Vatle Lilletveit

Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Odd Jøran Oldervik

Formannskapet er på vegne av kommunestyret kommunen sitt sentrale styringsorgan, med eit særleg ansvar for økonomi- og plansaker. Det gjer i tillegg vedtak i ei rekkje saker etter fullmakt frå kommunestyret. Formannskapet har også mynde å gjere vedtak i saker som skulle vore avgjort av anna kommunalt organ, når det ikkje er tid til å innkalla dette, jf. kommunelova § 13.

#### Formannskap/plan/økonomiutval 2019-2023

Hege Eide Vik (Sp), ordførar

Kjartan Haugsnes (SV), varaordførar

Thor Andersen (Ap)

Heidi Rongved (Ap)

Erlend Hesjedal-Johannessen (H)

Amalie Johnsen Lunde (H)

Boris Groth (Frp)

Levekårsutvalet har 7 medlemmer, kommunestyret vel leiar og nestleiar. Levekårsutvalet sitt arbeids- og ansvarsområde er helse og omsorg, folkehelse, oppvekst og opplæring og andre saker som naturleg fell innfor utvalet sitt ansvarsområde.

#### Levekårsutvalet 2019 - 2023

Ivar Rødland Bergo (Sp), leiar

Line Kydland (SV), nestleiar

Trond Olav Magnussen (H)

Evy Beate Kvamme (SV)

Trygve Jacobsen (Frp)

Ole- Anders Brekkhus (Ap)

Lisa Natalie Johnsen Lunde (Ap)

#### Administrasjonsutval:

Formannskapet sine 7 medlemmer frå arbeidsgjevarsida og 3 medlemmer frå arbeidstakarorganisasjonane



## Forord frå kommunedirektør

2020 har vore eit veldig spesielt år for Vaksdal kommune og landet som heilheit. I mars blei landet stengt ned som følgje av Covid 19 og pandemien har påverka alle deler av kommunen gjennom heile året. Nasjonale og lokale smitterventiltak har påverka innbyggjarar så vel som tilsette. Kommunen har vore i beredskap for å handtere ein langvarig pandemi samtidig som tenesteyting og andre oppgåver måtte løysast så godt som råd. Som samfunn har vi vist ei imponerende vilje og evne til å omstilla oss, og tilpasse oss til nye måtar å kommunisere på, og det gjer framtidstru. Vaksdal har klart å halde smittenivået nede og har hatt relativt få smitta i 2020 samanlikna med mange andre. Eg vil takke innbyggjarar og tilsette for den dugnaden dei har gjort som har bidrege til at dette.

Kommunestyret har etablert ei særskilt satsing for folketalsvekst i kommunen. Planlegging og tilrettelegging for auka busetnad og næring er sentralt for å skape vekst. Statleg prioritering av K5 konseptet gjev framtidstru og optimisme. Gjennom arealplan og reguleringsplanar er det sett av areal til ulike formål som næring og bustadutbygging. Bustadprosjektet Stanghelle Vest/Tettaneset vart starta opp i 2019 og nye bebuarar flytta inn i nye bustader mot slutten av 2020. Arbeidet med vidare utvikling av området held fram.

Ny skule på Dale vart tatt i bruk i 2020. Det har blitt ein flott skule som kommunen kan vere stolt av. Vi er i gang med eit nytt skuleprosjekt på Vaksdal og etablering av oppvekstsenter på Stamnes. Det vart også vedteke i 2020 at vi skal byggja nytt helsebygg på Vaksdal og kommunen har allereie fått tilsegn om støtte frå Husbanken til dette. Samla er aktiviteten knytt til vedtekne investeringsprosjekt svært høg.

Kommunen fekk eit positivt økonomisk resultat med om lag 8,7 mill. i mindreforbruk i 2020. Inntektsutjamning knytt til skatt og rammetilskot gjer at dei frie inntektene veks, lågt rentenivå og inntekter frå eigedomsskatt og konsesjonskraft over budsjett gjer at kommunen leverer positivt resultat. Inntekter frå sentralt hold i forbindelse med korona pandemien gjer at den økonomiske belastninga ikkje vart for stor for kommunen. Saman med ei positiv avkastning på aksjar og obligasjonar, bidrog dette til mindreforbruket.

Dei seinare åra har kommunen gradvis effektivisert og tilpassa drifta til endra rammevilkår. Kommunen har klart å finansiere ein del investeringar med løpande inntekter i staden for låneopptak. Men dersom vi ser framover skulle denne delen gjerne vert større. Drifta er framleis ikkje i balanse i forhold til løpande inntekter og det vil vera nødvendig å tilpasse driftsnivået til inntektsgrunnlaget framover. Sjølv om renta no er låg så er det venta at kapitalkostnadane vil stige i åra som kjem, og det vil skape press på andre tenester når lånegjelda er stor. Nedgang i folketalet reduserer inntektene og presset på økonomien vil auke. Saman med høge investeringar vil dette svekke handlingsrommet og krevje fortsett fokus på omstillingar og måtar å effektivisere drifta på.

Kompetanse- og kvalitetsutvikling er høgt prioritert for å levere gode tenester også i framtida. Utviklingsprogramma er både i eigen regi, gjennom samarbeid med andre kommunar og med ulike forskings- og utviklingsmiljø. I eit stadig meir digitalisert samfunn er forventningane til kommunane å halde tritt med utviklinga elles også på dette området. Vaksdal har fått på plass mange nye løysingar innafor alle sektorar. Bruk av nye læringsverktøy i barnehage og skule og innføring av velferdsteknologi i helse og omsorg er døme på denne utviklinga. Utviklingsarbeid og digitalisering må prioriterast høgt framover.

Kommunesektoren skal møte framtidens behov og endringene som skjer i samfunnet. Dette krev ein nyskapande og endringsdyktig organisasjon med gjennomføringskraft til å utvikle tenester og arbeidsformer. Dette har vi god erfaring med frå 2020! For å lukkast er det avgjerande å ha motiverte og engasjerte medarbeidarar med riktig kompetanse. Eg vil takke våre dyktige tilsette for særdeles godt arbeid og stor vilje til utvikling til beste for våre innbyggjarar.

I 2019 var det val til kommunestyret og fylkestinget og 2020 var første heile år med nytt kommunestyre. Eg vil takke kvar og ein av dykk for godt samarbeid i året som har gått. Saman skapar vi ein god og attraktiv kommune å bu og leva i!

Atle Fasteland  
Kommunedirektør



## Økonomi

Den økonomiske situasjonen i kommunen er samla sett god og resultatet i 2020 er positivt. Kommunen har effektivisert drifta for å tilpassa seg endra rammevilkår dei siste åra. Det har vært eit spesielt år med tanke på korona og ekstra utgifter til dette. Kommunen har fått dekkast mesteparten av utgiftene til pandemien, men sit likevel igjen med ein eigenkostnad.

Større utfordringar ligg framfor oss i planperioden og utover. Reduserte inntekter som følgje av redusert folketal og høge investeringar vil svekke handlingsrommet og krevje raskare omstillingar. Endrings- og utviklingsarbeidet må styrkast for å sikre kompetanse, kvalitet og kostnadseffektiv drift.

## Resultat rekneskap og måltal

Driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 8 693 707,-.

Brutto driftsresultat viser eit overskot på kr 11.438.672. *Brutto driftsresultat er driftsinntekter minus driftsutgifter (inkl. avskrivningar), og viser kommunens ordinære driftsresultat inkl. kapitalkostnader, før ein tek omsyn til finanspostar.* I 2019 var brutto driftsresultat eit overskot på kr 11.991.125,-.


Vaksdal kommune har langsiktige mål for sunn økonomi, tabellen viser resultat i 2016-2020.

| Økonomiske mål  | Langsiktig mål | Resultat 2016 | Resultat 2017 | Resultat 2018 | Resultat 2019 | Resultat 2020 |
|---|----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter            | 1,75 %         | 4,6 %         | 5,8 %         | 3,5 %         | 3,2 %         | 4,1 %         |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter                 | Under 50%      | 52 %          | 46 %          | 57 %          | 89 %          | 92 %          |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (u/amort.fond) | Minst 10%      | 17,1% (6,3)   | 19,2 % (8,9%) | 18,3% (8,0%)  | 16,9% (6,89%) | 19,4% (7,32%) |

Netto driftsresultat viser eit overskot på kr 18.314.144. *Netto driftsresultat er brutto driftsresultat korrigert for finanstransaksjonar (rente og avdrag), samt at ein korrigerer for «motpost avskrivningar».* Netto driftsresultatet er 4,2% av brutto driftsinntekter, mot 3,2% i 2019. I planperioden 2021-2024 er dette målet sett til 1,75%, som er i samsvar med statlege tilrådingar for kommunane.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter pr 31.12.2020 har hatt ein kraftig auke frå 57% i 2018 til 92 % i 2020. Viss vi ser på kommunegruppe 2 og landet utan Oslo har desse auka til 99% for kommunegruppe 2 og 102% for landet utan Oslo, så Vaksdal ligg no lågare enn desse. *Netto lånegjeld er langsiktig gjeld fråtrekt utlån og unytta lånemidlar.* Det er venta at nivået i Vaksdal vil auke etter kvart som investeringsprosjekta vert fullført og unytta lånegjeld vert redusert. Langsiktig gjeld pr 31.12.2020 er kr 586 553 971,-.

Vedtekne investeringar i budsjett 2021 og i økonomiplanen 2021-2024 vil medføre stor auke i lånegjelda til kommunen også i åra framover. Det er venta at denne vil stige til over 100% slik som har skjedd i landet utanom Oslo og slik som er i ferd med å skje i kommunegruppe 2. Dette vil redusere det økonomiske handlingsrommet som kommunen har hatt dei siste åra, og gjere kommunen mindre rusta til å tilpassa seg endringar i tenestene.



*Merknad til diagrammet over: Hordaland ble til Vestland i 2020 og innhold ble endret. Serien er i dette diagrammet er slått sammen og endring fra 2019 til 2020 på denne variabelen er derfor ikke direkte sammenlignbar.*

### **KS skriver om kommuneøkonomien fra 2020**

#### **Regnskapsundersøkelsen viser resultat på det jevne**

*KS har innhentet regnskapstall for 2020 basert på datagrunnlaget kommuner og fylkeskommuner bruker for innrapportering til SSB/Kostra.*

*Netto driftsresultat i 2020 for kommunene i undersøkelsen er på 2,3 prosent av driftsinntektene (i 2019 hadde disse kommunene 1,4 prosent, mens alle landets kommuner utenom Oslo hadde 1,1 prosent).*

*Mange nye sammenslåtte kommuner gjør det mer krevende å gi et anslag for netto driftsresultat for kommunene utenom Oslo i 2020 basert på innsamlede regnskapstall, men på usikkert grunnlag anslår KS at resultatet for kommunekassene vil ende på i størrelsesorden 2 - 2 ¼ prosent.*

#### **Må ta høyde for tidsavgrensning**

*Netto driftsresultat i 2020 har imidlertid svakheter som indikator for underliggende balanse i driftsøkonomien i 2020. Dette har sammenheng med at kommunene gjennom 2020 har mottatt og inntektsført ulike statlige tilskudd knyttet til covid-19, blant annet til stimulering av aktivitet i bygge- og anleggsnæringen og kompensasjon for merutgifter i næringsliv/frivillige aktører. Deler av utgiftene knyttet til disse tilskuddene vil imidlertid først påløpe i 2021, og statlige tilskudd bidrar dermed til en regnskapsteknisk oppblåsing av netto driftsresultat i 2020.*

Pr 31.12.2020 var disposisjonsfond kr 86.381.319, dette er 19,0 % av brutto driftsinntekter, og er rekna som eit sunt nivå. Nytt av året er at mindreforbruket vert ført som disposisjonsfond før den politiske rekneskapsbehandlinga. Dersom ein tar ut resultatet er fondet 17,1%, som er om lag som i fjor. Etter den nye forskrifta for kommunerekneskap skal eit eventuelt mindreforbruk avsettast på



disposisjonsfond før politisk behandling. Tidlegare var dette avsett på ein resultatkonto i balansen som ikkje var i kontoklasse med disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er derfor auka meir i år grunna nye reglar for føring av rekneskapen.

Grunna eit stort oppsamla premieavvik, er det i seinare år sett av midlar tilsvarende premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskrivning og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjer ein stor del av disposisjonsfondet vårt. Ser vi bort frå amortiseringsfondet er disposisjonsfondet 7,3 % av brutto driftsinntekter. Dette er rekna som eit lågt nivå og avgrensar den økonomiske handlingsfridomen til kommunen.

Lågt rentenivå medfører at kommunen betaler låge renter for låneporteføljen. Det har vore aktiv refinansiering av låneporteføljen i 2020, noko som har gitt reduserte renteutgifter i høve budsjett. Men det er verdt å merka seg at renteutgiftene på låna har auka frå 5,2 mill. i 2018, 7,8 mill. i 2019 og til 9,1 mill. i 2020. Det er venta at dette vil auke i åra som kjem, etter kvart som lånegjelda aukar og rentenivået stig.

### Avsetjingar og bruk av fond

Frå årsoverskot 2019 på 5 765 491,- er det sett av kr 4 495 491,- til disposisjonsfond for bruk seinare, samt 750 000,- til prosjekt folketalsvekst. 520 000,- er overført til investering og avsett til solskjerming på Vaksdal sjukeheim.

Bundne driftsfond blir avsett til fond, uavhengig av om det er budsjettet eller ikkje, då bundne midlar skal fylgje det formålet dei er mottekne til. I investeringsrekneskapen er det avsett ekstra innbetalingar på startlån til bunde fond for innbetaling til Husbanken i 2021.

Det er avsett 3,7 mill. frå konsesjonsavgifter. Av dette vart 1 mill. overført til Næringssselskapet og 342 000,- vart nytta til renter/avdrag Daletunet. Deler av inntektene skal tilførast ulike fond for vilt, fiske og landbruk. 1,5 mill. vart avsett til bundne fond på VAR områda. Dette er i tråd med plan for desse fonda.

Frå ubunde investeringsfond er det nytta kr 1,084 mill. til eigenkapitalinnskot i KLP.

Det er overført 11,5 mill. frå drift til kapitalbudsjettet.

### Status fond


| Fondstype                                  | 31.12.2013         | 31.12.2014         | 31.12.2015         | 31.12.2016         | 31.12.2017         | 31.12.2018         | 31.12.2019         | 31.12.2020         |
|--|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Disposisjonsfond                           | 56 539 011         | 67 533 681         | 67 423 402         | 70 648 429         | 82 864 459         | 79 270 060         | 74 350 860         | 86 381 319         |
| Bundne driftsfond-<br>k.to 2.51            | 28 350 136         | 37 198 718         | 37 079 499         | 40 262 063         | 38 389 169         | 40 004 568         | 41 431 433         | 41 970 608         |
| Ubundne<br>investeringsfond –<br>k.to 2,53 | 42 143 911         | 39 786 674         | 39 561 643         | 41 932 470         | 41 614 791         | 34 342 833         | 32 002 821         | 29 865 971         |
| Bundne<br>investeringsfond –<br>k.to 2.55  | 8 488 193          | 4 007 774          | 4 629 879          | 5 786 471          | 4 797 626          | 3 539 875          | 4 600 135          | 6 975 925          |
| <b>Totalt fond pr. 31/12</b>               | <b>135 521 251</b> | <b>148 526 847</b> | <b>148 694 423</b> | <b>158 629 433</b> | <b>167 666 045</b> | <b>157 157 337</b> | <b>152 385 249</b> | <b>165 193 823</b> |

## Rekneskapen 2020

Inntektssystemet for kommunar vart lagt om frå 2017. Vaksdal vert i mindre grad kompensert for «smådriftsulemper» og i dei siste åra har vi sett at det har vore endringar i inntektssystemet slik at distriktsindeksar vert lågare vektet. Dette tapar Vaksdal Kommune på. Demografiske endringar og endring i egne inntekter frå vasskraft har gitt kommunen eit inntektsbortfall i seinare tid. Dei siste åra, og prognosane framover, viser at dette kan endre seg med tanke på inntekter frå kraft. Men mykje er avhengig av korleis kraftprisane utviklar seg og dette vil påverke både eigedomsskatten og konsesjonskraftinntektene.

### Frie inntekter - rammetilskot og skatt

Frie inntekter er rammetilskot og skatteinntekter på inntekt og formue. Desse inntektene disponerer kommunen fritt til både lovpålagte og andre oppgåver.



Rammetilskotet består av innbyggjartilskot, utgiftsutjamning, distriktstilskot og skjønsmidlar. I tillegg vert det gjennom rammetilskotsordninga gjort ei inntektsutjamning.

Veksten i frie inntekter pr innbyggjar for Vaksdal kommune frå 2019 til 2020 var 6,95 %, mot 3,0% for landet u/Oslo. Til samanlikning er veksten i Kommunegruppe 2 på -1,77 % og Hordaland/Vestland 4,91%. Gjennomsnittleg lønsvekst i KS området i 2018-2019 var 1,7 % (TBSK).

Veksten i Vaksdal samanlikna med dei andre gruppene må sjåast i samanheng med reduksjon i folketalet. Når det er færre å dele på vil %-vis endring auke når ein ser på inntektsendring pr innbyggjar.

*Vaksdal kommune er sidan 2019 i **Kommunegruppe 2**, som er små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, middels frie disponible inntekter. I samanlikning mot andre kommunar er det naturleg og også vurdere opp mot Kommunegruppe 3, som er små kommuner med middels bundne kostnader per innbyggjar, høge frie disponible inntekter. Vaksdal Kommune var i kommunegruppe 3 fram til 2019 men er endret til kommunegruppe 2.*

Skatteveksten for kommunane på årsbasis vart i statsbudsjettet for 2020 anslått til 2,1% for kommunane. Når statsbudsjettet for 2021 vart lagt fram eit år seinare vart dette talet (for 2020) justert til ein nedgang på 1,4%. Dette var som følgje av korona situasjonen i landet. Vaksdal Kommune hadde ein nedgang på 1,9% i skatteinntekter frå 2019 til 2020. Skatteandelen av landsgjennomsnittet er 85,8%, og Vaksdal Kommune har fått midlar for inntektsutjamning i løpet av rekneskapsåret 2020. Dette er ein omfordeling til skattesvake kommunar som vert gitt etter ei nasjonal berekning når året er omme, og etterbetalt som del av rammetilskotet. Sett mot budsjett fekk kommunen 16,5 mill. i meirinntekt på rammetilskot (korona inntekt er ført her), medan skatteinntekta viser ei nedgang på 2 mill., sett mot rekneskap 2019.

## Folketal

Pr 01.01 i gjeldande år.

| År                   | 2010    | 2015    | 2018   | 2019    | 2020    | 2021    |
|----------------------|---------|---------|--------|---------|---------|---------|
| Pr 01.01 i året      | 4107    | 4096    | 4127   | 4045    | 3977    | 3918    |
| Endring frå året før | -3      | -44     | 4      | -82     | -68     | -59     |
| Endring i %          | -0,10 % | -1,10 % | 0,10 % | -1,99 % | -1,68 % | -1,48 % |

Siste 10 åra har det vore nedgang i det totale folketalet i kommunen, og fordelinga mellom kvinner og menn er tilnærma lik pr. 01.01.2021, med 50,7% andel menn og 49,3% andel kvinner. Nedgangen har auka dei siste åra og folketalet pr 01.01.20 var for fyrste gong under 4000 innbyggjarar. Den prosentvise nedgangen dei siste 3 åra er også monaleg større enn åra før. I perioden 2009-2017 busette kommunen flyktningar etter nasjonalt introduksjonsprogram. I 2017 vart det busett 37 personar. Etter dette har nasjonale myndigheiter bestemt at berre større kommunar skal busetje flyktningar.

Ser vi på folketalssamansetninga frå 2010 og fram til i dag ser vi at det er nedgang i alle aldersgrupper dei siste 10 åra. Tidlegare var det mest blant dei unge og eldre, men dei siste åra er det også ein nedgang i gruppa 20-66 år. Nedgangen i tal barn 0-5 år gir grunn til uro. Det er venta at andelen eldre vil auke monaleg dersom ein ser 10 år fram i tid og dette vil skape press på tenestene.

| Aldersgruppe      | År 2010  |           | År 2020  |           | År 2021  |           | Endring 2010-2021 |             | Endring 2020-2021 |             |
|-------------------|----------|-----------|----------|-----------|----------|-----------|-------------------|-------------|-------------------|-------------|
|                   | Folketal | Fordeling | Folketal | Fordeling | Folketal | Fordeling | Folketal          | Endring i % | Folketal          | Endring i % |
| 0-5 år            | 289      | 7,0 %     | 269      | 6,8 %     | 246      | 6,3 %     | -43               | -14,88 %    | -23               | -8,55 %     |
| 6-15 år           | 510      | 12,4 %    | 475      | 11,9 %    | 475      | 12,1 %    | -35               | -6,86 %     | 0                 | 0,00 %      |
| 16-19 år          | 227      | 5,5 %     | 193      | 4,9 %     | 167      | 4,3 %     | -60               | -26,43 %    | -26               | -13,47 %    |
| 20-66 år          | 2277     | 55,4 %    | 2232     | 56,1 %    | 2232     | 57,0 %    | -45               | -1,98 %     | 0                 | 0,00 %      |
| 67 år eller eldre | 804      | 19,6 %    | 808      | 20,3 %    | 798      | 20,4 %    | -6                | -0,75 %     | -10               | -1,24 %     |
| Sum               | 4107     |           | 3977     |           | 3918     |           | -189              |             | -59               |             |

Folketal og inntekter er knytt nært saman. Dei største delane av rammeoverføringane er innbyggjartilskot og utgiftsutjamning. Innbyggjartilskotet er det same pr innbyggjar for alle kommunar.

Gjennom utgiftsutjamninga vert innbyggjartilskotet omfordelt mellom kommunane ved bruk av behovsindeksen. Midlar vert omfordelt frå kommunar med lavt berekna utgiftsbehov til kommunar med høgt berekna utgiftsbehov. Utgiftsutjamningen skal gje kompensasjon for ulikheiter i utgiftsbehov som kommunane ikkje kan påverke sjølv.

Behovsindeksen fortel noko om kor dyr ein kommune er å drive samanlikna med landsgjennomsnittet. Den samla behovsindeksen er utrekna ved hjelp av eit sett kriteria og vektorer som seier noko om kvifor kommunane sine utgifter varierer, og vert nytta til å berekne kommunen sitt trekk eller tillegg i utgiftsutjamninga.

Samla har Vaksdal ein behovsindeks som no er 1,1968. Dette betyr at kommunen får meir pr innbyggjar en landsnittet. Dette er ein nedgang frå året før då den var 1,2046 og dette har mellom anna samband med dei faktorar som Vaksdal scorer høgt på er blitt lågare vekta (for eksempel reiseavstand til sonesenter og nabokrets). Store deler av utgiftsutjamninga er knytt til alderssamanstellinga i kommunen og sosiale faktorar.

Som vist i uttrekket er det spesielt for innbyggjarar over 67 år at Vaksdal kommune skil seg ut, og vert kompensert deretter. Vaksdal Kommunen blir også kompensert for geografiske avstandar som at kommunen har reiseavstand til sonesenter og nabokretsar.

| Landsgjennomsnitt = 1                                |        |                |
|--|--------|----------------|
| Kriterium  | Vekt   | Kriterieindeks |
| <a href="#">Innbyggere 0-1 år</a>                    | 0,0055 | 0,8321         |
| <a href="#">Innbyggere 2-5 år</a>                    | 0,1363 | 1,0577         |
| <a href="#">Innbyggere 6-15 år</a>                   | 0,2628 | 0,9975         |
| <a href="#">Innbyggere 16-22 år</a>                  | 0,0231 | 0,9393         |
| <a href="#">Innbyggere 23-66 år</a>                  | 0,1054 | 0,9293         |
| <a href="#">Innbyggere 67-79 år</a>                  | 0,0572 | 1,1349         |
| <a href="#">Innbyggere 80-89 år</a>                  | 0,0781 | 1,5846         |
| <a href="#">Innbyggere 90 år og over</a>             | 0,0393 | 2,3195         |
| <a href="#">Landbrukskriterium</a>                   | 0,0021 | 1,6485         |
| <a href="#">Reiseavstand til nærmeste sonesenter</a> | 0,01   | 3,7888         |
| <a href="#">Reiseavstand til nærmeste nabokrets</a>  | 0,01   | 1,5009         |

|   | Vaksdal |       | Landet uten Oslo |           | Hordaland |         |
|---|---------|-------|------------------|-----------|-----------|---------|
|   | 2019    | 2020  | 2019             | 2020      | 2019      | 2020    |
| <b>Innbyggere (antall)</b>  | 3 977   | 3 918 | 4 674 089        | 4 694 359 | 528 129   | 638 821 |
| <b>Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)</b>   | 8,5     | 8,4   | 9,7              | 9,3       | 10,7      | 10,2    |
| <b>Døde per 1000 innbyggere (per 1000)</b>  | 10,8    | 14,0  | 7,9              | 7,8       | 6,9       | 7,5     |
| <b>Netto innflytting (antall)</b>   | -59     | -37   | 18435            | 13135     | 1644      | 554     |
| <b>Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)</b>                                     | 8,8     | 8,4   | 10,6             | 10,5      | 9,1       | 8,9     |
| <b>Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)</b>                                 | 69,8    | 67,6  | 61,5             | 60,7      | 61,0      | 60,4    |
| <b>Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år (prosent)</b> | 1,1     | 2,1   | 1,4              | 2,4       | 1,5       | 2,7     |
| <b>Andel innvandrerbefolkning (prosent)</b>   | 11,2    | 11,1  | 15,9             | 16,2      | 15,1      | 14,8    |

SSB: Kostra Befolkningsprofil pr 31.12

## Andre inntekter

Vaksdal har inntekter knytt til vasskraftressursar. Kommunen har konsesjonskraft som delvis vert nytta til eige bruk, og delvis vert omsett i marknaden. Synkande kraftprisar har medført at dei kraftrelaterte inntektene til kommunen har vorte redusert dei seinare åra. Konsesjonskrafta for 2020 vart seld på årskontrakt på kraftbørsen hausten 2019 og denne vart selt til ein god pris (fast). Vekslande og til dels svake straumprisar gjennom året medførte lågare pris- og innmatingskostnad og netto gevinst for kommunen vart vel 3,3 mill. over budsjett. Inntektene svingar frå år til år og kommunestyret har vedtatt ein handlingsregel for korleis gevinsten skal nyttast utanom løpande drift.



Kommunen har hatt eigedomsskatt for alle eigedommar sidan 2010. Eigedomsskatt frå kraftverk har utgjort størstedelen av inntektene. Likningsgrunnlaget for eigedomsskatt frå vasskraft er m.a. basert på gjennomsnittlege kraftprisar siste 5 år, og i dei siste åra har kommunen opplevd redusert eigedomsskatt frå vasskraftverk. Fjorårets prognose frå BKK har gjer at kommunen kan forvente lågare inntekter frå dette i åra som kjem. Inntektene frå eigedomsskatt er nytta i drifta og til investeringar, og har dekkja kostnader utover det behovet dei frie inntektene kan dekke.

Samla inntekter kr 39,1 mill. frå eigedomsskatt fordeler seg frå 10,7 mill. frå bustader og fritidsbustader og 28,8 mill. frå kraft og næring m.v. Det er kostnadsført omlag 0,4 mill. som kostnad med taksering som vart gjort i 2019/2020. Inntekta frå eigedomsskatt var i 2019 33 mill.

## Pensjonskostnader og premieavvik

Premieavvik er differanse mellom årets betalte pensjonspremie og berekna pensjonskostnad. Pensjonspremiar skal dekke dei auka pensjonsforpliktingane som har påløpt i løpet av året, og vert berekna etter ordinære aktuar-messige prinsipp.

Årets premieavvik vart i stor grad dekkja av premiefondet. Pr 31.12.2020 har kommunen eit oppsamla premieavvik på kr 28.343.441,- som skal avskrivas over hhv 15, 10 og 7 år.

Kommunen har eit stort oppsamla premieavvik samanlikna med andre kommunar, men oppbygging av eit amortiseringsfond for å dekke inn dette har vore eit godt strategisk grep. Amortiseringsfondet kan også nyttast til å dekke tap på aksjar og obligasjonar. Amortiseringsfondet vart oppretta i 2007, og pr 31.12.2020 er dette fondet kr 44.473.113. Det er venta låge premieavvik i åra som kjem og avvik frå årets premieavvik og amortisert avvik vert forutsett dekkja frå fondet. Premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik medfører ingen likviditetsmessige endringar.

Samla pensjonsforplikting i balansen er kr 563.736.662. Det vert elles vist til note 3.

| Amortisering av premieavvik tidlegare år        | Premieavvik 7 år | Premieavvik 10 år | Premieavvik 15 år | Sum        |
|---|------------------|-------------------|-------------------|------------|
| Akkumulert premieavvik per 31.12. i fjor        | 14 255 719       | 7 169 100         | 9 809 517         |            |
| Tidlegare amortisert premieavvik                |                  |                   |                   |            |
| Premieavvik per 01.01. i år                     | 14 255 719       | 7 169 100         | 9 809 517         | 31 234 336 |
| Premieavvik i året                              | 1 078 154        |                   |                   | 1 078 154  |
| Amortisering i året av premieavvik tidlegare år | -2 865 624       | -2 428 893        | -2 177 096        | -7 471 613 |
| Premieavvik per 31.12. i år                     | 12 468 249       | 4 740 207         | 7 632 421         | 24 840 877 |
| Arbeidsgjevaravgift premieavvik                 | 1 758 023        | 668 369           | 1 076 171         | 3 502 564  |
| Premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift           | 14 226 272       | 5 408 576         | 8 708 592         | 28 343 441 |

## Finansinntekter og utgifter

|   | Regnskap<br>2019  | Oppr.budsjett<br>2020 | Budsjett<br>2020  | Regnskap<br>2020  | Avvik 2019        |
|---|-------------------|-----------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Renteinntekter og utbytte               | -6 022 000        | -3 500 000            | -3 500 000        | -5 456 000        | -1 956 000        |
| Gevinst finansielle instrumenter        | -4 037 000        | -1 000 000            | -1 000 000        | -2 761 000        | -1 761 000        |
| Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg. | 7 769 000         | 12 900 000            | 12 900 000        | 9 137 000         | -3 763 000        |
| Avdrag på lån                           | 22 975 000        | 24 100 000            | 24 100 000        | 21 680 000        | -2 420 000        |
| <b>Netto finansinnt./utg.</b>           | <b>20 685 000</b> | <b>32 500 000</b>     | <b>32 500 000</b> | <b>22 600 000</b> | <b>-9 900 000</b> |

Renteinntekter og utbytte frå andre selskap har vore 1,956 mill. betre enn budsjettert. Utbytte frå BKK i rekneskapsåret 2020 vart 2,2 mill., som var atskilleg høgare enn venta. Også utbytte frå BIR vart høgare enn forventa, det auka med om lag 1 mill. frå 2019 til 2020.

For budsjett 2020 vart det budsjettert med ein netto gevinst på finansielle instrument med 1 mill. Det har vore store svingingar i netto gevinst, det gjer det utfordrande å vere avhengig av denne gevinsten i driftsbudsjetta. Det har vore god avkastningar dei seinare åra, og også 2020 vart eit godt år kor porteføljen gav eit positivt bidrag til kommunen. Det er likevel vert å nemne at porteføljen svinga veldig i løpet av året, noko som kan skuldast pandemien. Tidleg på året (mars) var porteføljen ned om lag 5 mill. men tok seg kraftig inn igjen i løpet av året.

Frå finansrapporten 2020, Bergen Capital Management (Forvaltar)

Totalavkastning etter 3. tertial 2020 er på 2,62 %, dette er 0,63 prosentpoeng under "normalporteføljen". Aksjeporteføljen har levert 5,89 %, 4,05 prosentpoeng over benchmark. Obligasjonsporteføljen har levert 1,94 %, 1,56 prosentpoeng under benchmark som er norske statsobligasjoner med 3 års durasjon og 1,32 prosentpoeng over norske statsobligasjoner med durasjon på 0,25 år. "Normalporteføljen" består av 15 % aksjer og 85 % obligasjoner.

| AKTIVAKLASSE            | I %           | BENCHMARK     | AVVIK          |
|-------------------------|---------------|---------------|----------------|
| Sertifikat/obligasjoner | 1,94 %        | 3,50 %        | -1,56 %        |
| Aksjer                  | 5,89 %        | 1,84 %        | 4,05 %         |
| <b>Totalt</b>           | <b>2,62 %</b> | <b>3,25 %</b> | <b>-0,63 %</b> |

Det har oppstått avvik mot aksjebenchmark som er Oslo Børs (OBX) fordi Vaksdal kommune sin aksjeportefølje har ei anna samansetjing. Porteføljen består av aksjar noterte på OBX lista og aksjefond som investerer globalt.

Kostnadane til renter har vorte lågare enn budsjettert, noko som har resultert i eit positivt avvik mot budsjett. Lån er refinansierte med lågare rente i løpet av året og det har vore mange refinansieringar i løpet av 2020. Nokre lån har også vore svært korte og dette har resultert i lågare rentekostnader.

Avdrag har vorte kostnadsført i samsvar med vedteke budsjett og grunnen til avviket på 2,4 mill. er at det også er ført avdrag i investeringsrekneskapan. Kostnadsført avdrag i driftsrekneskapan er derfor lågare enn budsjett og gjer eit positivt bidrag til resultatet.



Vaksdal kommune nyttar Bergen Capital Management (BCM) i samband med låneopptak. Det vert vist til vedlagt finansrapport frå BCM for ytterlegare detaljar.

### Utvikling i rentebindingstid



Rentebindingstida har holdt seg nokolunde stabil i 2020. Dette betyr at lån pr desember har om lag like lang bindingstid som låna hadde i starten av året.

### Langsiktig lånegjeld

Den langsiktige lånegjelda har auka med omlag kr 70 millionar i 2020, og gjelda har ein auke på vel 13% frå 2019. Auken frå 2018 til 2019 var på om lag 40%. Til samanlikning har dei frie inntektene pr innbyggjar auka med 6,95% frå 2019. Avdrag kostnadsført i drifta er under budsjettet beløp fordi det er kostnadsført avdrag i investeringsrekneskapen. Avdraget som er ført i investeringsrekneskapen er tilbakebetaling av lån i forbindelse med forskottering av RV569, betalt til Modalen kommune og Vaksdal Næringssselskap. Lånet framkjem i tabellen under som «Andre lån» og er no i 0,-.

I 2020 er det overført vel 11,5 mill. frå drift til investering. Handlingsregel for bruk av konsesjonskraft er døme på tiltak for å bruke «vekslande» inntekter til investeringar i staden for løpande drift. Lånegjelda er venta å framleis auke monaleg dei neste åra basert på vedtak om investeringar i planperioden.

|                             | Pr 31.12.14 | Pr 31.12.15 | Pr 31.12.16 | Pr 31.12.17 | Pr 31.12.18 | Pr 31.12.19 | Pr 31.12.20 |
|-----------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Husbanken                   | 38 507 097  | 38 012 144  | 37 166 940  | 34 821 247  | 34 107 453  | 34 240 856  | 37 672 971  |
| Kommunekreditt/KLP          | 10 075 000  | -           |             | 0           | 0           | 149 316 000 | 154 216 000 |
| Kommunalbanken              | 152 668 554 | 161 365 536 | 108 249 246 | 270 331 490 | 185 503 000 | 185 503 000 | 162 703 000 |
| Sertifikatlån               | 45 810 000  | 55 560 000  | 151 483 000 | 0           | 145 252 000 | 145 252 000 | 231 962 000 |
| Sum lån i bank              | 247 060 651 | 254 937 680 | 296 899 186 | 305 152 737 | 364 862 453 | 514 311 856 | 586 553 971 |
| Andre lån                   | 3 208 249   | 3 029 661   | 2 999 854   | 2 999 854   | 2 999 854   | 2 999 854   | 0           |
| Sum lån                     | 250 268 900 | 257 967 341 | 299 899 040 | 308 152 591 | 367 862 307 | 517 311 710 | 586 553 971 |
| %- vis endring frå året før |             | 3,08 %      | 16,25 %     | 2,75 %      | 19,38 %     | 40,63 %     | 13,39 %     |

Note 6 viser langsiktig gjeld og avdrag på lån.

## Korona

2020 har vore eit spesielt år, som har vore prega av den pågåande pandemien. Det har gjennom heile året vore jobba med smittevern og testing, men kommunen er ikkje av dei mest ramma når det kjem til talet på smitta. Talet har likevel vore høgt i deler av året, og spesielt mot slutten av 2020. Men sjølv om smitten ikkje har vore høg i store delar av året så kostar beredskap og iverksetting av tiltak og smittevern pengar, sjølv ved låg smitte. Kommunen har ein eigen merking for kostnader som er oppstått som følgje av korona som det er rapportert frå til statsforvaltaren gjennom heile 2020. Kostnader brukt på pandemien, saman med andre parameter, har vore grunnlag for dei midlane vi har fått kompensert.

Kommunen sine kostnader har i stor grad gått til vikarutgifter, ekstra personell på skuler og institusjonar, ekstra reinhald i dei kommunale bygga, KKL, smittevernustyr osv. Dette er beskrive nærare under dei forskjellige tenesteområda. Det har vore krevjande for alle tilsette å stå i dette men kommunen har lykkast med strategien sin og har på den måten klart å halde pandemien nede. Kommunen har fått ros for måten vi har handtert pandemien på og har klart å halde smitta nede.

I 2020 er rekneskapen belasta med kostnader som er oppstått som følgje av pandemien og det har kome inntekter gjennom året. Kommunen fekk låge/små overføringar på vår/sommar/haust men når smitten auka i november gav det seg også utslag i auka inntekter frå staten. Spesielt overføringa i desember var høg og 4,6 mill. av den totale inntekta til kommunen kjem frå denne overføringa. Kommunen har likevel ein netto kostnad med pandemien.

| Kostnader Korona                              |           |                                |                   |
|---|-----------|--------------------------------|-------------------|
| År  | 2020      |                                |                   |
| Måned   | All       |                                |                   |
| Prosjekt                                      | D99004    |                                |                   |
| Kostra drift                                  | All       |                                |                   |
| Tenesteområde                                 | Rapp.Kont | Rapp. Konto t                  | Rekneskap 2020    |
| <b>Fellesområde Økonomi</b>                   | <b>A1</b> | Løn inkl sykelønsrefusjonar    | 1 305 950         |
|   | <b>B1</b> | Driftsutgifter uten løn        | 236 612           |
|   | <b>D1</b> | Øvrige refusjonar og inntekter | -51 766           |
| <b>Fellesområde Økonomi Totalt</b>            |           |                                | <b>1 490 796</b>  |
| <b>Tenesteområde Helse og omsorg</b>          | <b>A1</b> | Løn inkl sykelønsrefusjonar    | 8 401 457         |
|   | <b>B1</b> | Driftsutgifter uten løn        | 1 430 838         |
|   | <b>D1</b> | Øvrige refusjonar og inntekter | -217 227          |
| <b>Tenesteområde Helse og omsorg Totalt</b>   |           |                                | <b>9 615 068</b>  |
| <b>Tenesteområde oppvekst</b>                 | <b>A1</b> | Løn inkl sykelønsrefusjonar    | 2 733 185         |
|   | <b>B1</b> | Driftsutgifter uten løn        | 1 201 645         |
|   | <b>D1</b> | Øvrige refusjonar og inntekter | -9 694            |
| <b>Tenesteområde oppvekst Totalt</b>          |           |                                | <b>3 925 136</b>  |
| <b>Tenesteområde Samfunnsutvikling</b>        | <b>A1</b> | Løn inkl sykelønsrefusjonar    | 963 833           |
|   | <b>B1</b> | Driftsutgifter uten løn        | 432 099           |
|   | <b>D1</b> | Øvrige refusjonar og inntekter | -85 040           |
| <b>Tenesteområde Samfunnsutvikling Totalt</b> |           |                                | <b>1 310 892</b>  |
| <b>Totalsum</b>                               |           |                                | <b>16 341 892</b> |

Sett opp mot mottekne inntekter:

|                              |             |
|------------------------------|-------------|
| Kostnad for 2020             | 16 341 892  |
| Redusert AGA                 | - 1 900 000 |
| Overføringer/ekstra tilskudd | - 9 880 000 |
|                              |             |
| Kostnad                      | 4 561 892   |

I tillegg til dette har lønsoppgjret vore lågare enn budsjettert. Det er vanskeleg å seie effekten av dette då vi ikkje veit kva lønsoppgjret ville blitt dersom det ikkje hadde vore korona, men det er venta at det er «spart» om lag 2,5-3,5 mill. på lågt lønsoppgjret. Dette gjer at kommunen sit igjen med ein netto kostnad med pandemien på om lag 1-2 millionar for 2020.

Utover dette mottok kommunen 1,8 mill. i dei såkalla vedlikehaldspengane. Desse er ikkje tatt med i oversikta over då desse pengane skal brukast til vedlikehald og fornying i kommunen og blir dermed betalt ut igjen. Kommunestyret vedtok i juni kva prosjekt som skal få desse pengane og pr 31.12.20 er restmidlar av dette sett av på fond og vert nytta i første halvår 2021. Vedlikehaldsmidlane er pr 31.12.20 revidert i ein eigen revidering av revisor og bruken er rapportert inn til statsforvaltaren.

## Analyse

### Horisontal analyse av balansen

Ved å sjå på utviklingstrekk i balansen over fleire år kan vi tolke korleis økonomien i kommunen utviklar seg og kva området som endrar seg meir eller mindre i forhold til andre.

Balansen til Vaksdal Kommune viser følgande utvikling med basisår 2015.

| Oversikt - balanse              | Regnskap 2020   | Regnskap 2019   | Regnskap 2018   | Regnskap 2017   | Regnskap 2016   | Regnskap 2015   |
|---------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| <b>EIENDELER</b>                |                 |                 |                 |                 |                 |                 |
| Anleggsmidler                   | 148,50 %        | 137,97 %        | 120,69 %        | 108,22 %        | 101,66 %        | 100,00 %        |
| Omløpsmidler                    | 168,01 %        | 155,87 %        | 144,06 %        | 139,20 %        | 128,52 %        | 100,00 %        |
| <b>SUM EIENDELER</b>            | <b>152,03 %</b> | <b>141,20 %</b> | <b>124,91 %</b> | <b>113,82 %</b> | <b>106,52 %</b> | <b>100,00 %</b> |
| <b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>     |                 |                 |                 |                 |                 |                 |
| Egenkapital                     | 171,63 %        | 138,58 %        | 135,11 %        | 120,79 %        | 101,44 %        | 100,00 %        |
| Langsiktig gjeld                | 144,21 %        | 140,00 %        | 119,09 %        | 110,77 %        | 107,59 %        | 100,00 %        |
| Kortsiktig gjeld                | 138,45 %        | 180,38 %        | 146,91 %        | 113,49 %        | 125,83 %        | 100,00 %        |
| <b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b> | <b>152,03 %</b> | <b>141,20 %</b> | <b>124,91 %</b> | <b>113,82 %</b> | <b>106,52 %</b> | <b>100,00 %</b> |

### Anleggsmidler

Anleggsmidler inneheld aktivering av dei investeringane som kommunen gjer, aksjar og andelar, utlån og pensjonsmidlar. Hovudgrunnen til auken i anleggsmidler er ein kraftig auke i aktivering av faste eigedomar/anlegg og utstyr/maskiner/transportmidlar. Dette har skjedd som ein følgje av at kommunen har investert mykje dei siste åra og verdien på det som kommunen eig har derfor auka. Ein konsekvens av dette er at avskrivningane aukar (ikkje effekt på netto driftsresultat) og kommunen får ein auke i kapitalutgifter (har effekt på netto driftsresultat), som følgje av at lite av denne auken i anleggsmidler er finansiert av egenkapital, men av lånte midlar.

### Omløpsmidlar

Omløpsmidlar inneheld kortsiktige fordringar, premieavvik, finansporteføljen og bankinnskot. Kortsiktige fordringar er nokolunde stabil dei siste åra men har ei lita auke. Finansporteføljen har sidan

2015 vist ein jamn og god auke, noko som bidreg positivt til kommunen sitt rekneskapsmessige resultat. Tidlegare sette kommunen avkastning på porteføljen av på fond for å ha midlar til å motverke ein eventuell nedgang. Dette er ikkje gjort dei siste åra men kommunen har framleis det som er sett av tidlegare. Det har vore ein god auke i bankinnskot, og noko av grunnen til dette er at kommunen har store prosjekt som det er tatt opp lån til, som ennå ikkje er brukt. Det er venta at denne vil bli redusert i åra som kjem etter at dei store prosjekta i kommunen blir ferdige (2-3 år).

#### Eigenkapital

Eigenkapital i eit kommunerekneskap består i hovudsak at 2 parameter og det er kapitalkonto og fond. Kapitalkonto er ein berekna størrelse som seier noko om utvikling i anleggsmidlar justert for langsiktig gjeld og ubrukne lånemidlar. Den tek også inn endringar i pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar i framtida, og denne er aukande. Når det gjeld fonda isolert sett så har dei ein auke med om lag 10% i 5 års perioden. Dette må sjåast i samanheng med dei andre størrelsane i balansen og då ser vi at dette er lågt samanlikna med desse. Det vil sei at kommunen sin robustheit og evne til å takle svingingar i andre parameter, er svekka.

#### Gjeld

Langsiktig og kortsiktig gjeld er aukande. Dette har samanheng med den aukande investeringstakten som kommunen har hatt, og når investeringane for ein stor del vert finansiert med lån, så slår dette ut i balansen også. Dette kan sjåast i samanheng med auken i anleggsmiddel då dette kan sjåast på som ein motposten til denne auken.

Ein horisontal analyse av hovudstørrelsane i drifta viser følgjande utvikling.

| Økonomisk oversikt - drift           | Regnskap 2020 | Regnskap 2019 | Regnskap 2018 | Regnskap 2017 | Regnskap 2016 | Regnskap 2015 |
|--------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Sum driftsinntekter                  | 114,90 %      | 109,81 %      | 110,13 %      | 109,42 %      | 104,46 %      | 100,00 %      |
| Sum driftsutgifter                   | 114,58 %      | 109,25 %      | 109,68 %      | 106,83 %      | 103,49 %      | 100,00 %      |
| Brutto driftsresultat                | 128,88 %      | 133,86 %      | 129,61 %      | 222,00 %      | 146,59 %      | 100,00 %      |
| Sum eksterne finansinntekter         | 109,37 %      | 166,70 %      | 115,02 %      | 124,01 %      | 166,06 %      | 100,00 %      |
| Sum eksterne finansutgifter          | 134,06 %      | 143,99 %      | 109,32 %      | 92,34 %       | 101,84 %      | 100,00 %      |
| Resultat eksterne finansransaksjoner | 146,05 %      | 132,97 %      | 106,55 %      | 76,96 %       | 70,66 %       | 100,00 %      |
| Netto driftsresultat                 | 192,78 %      | 148,18 %      | 157,68 %      | 259,10 %      | 198,66 %      | 100,00 %      |

Sum driftsinntekter og driftsutgifter utviklar seg nokolunde likt over tid men det som er verdt å merke seg er at dei «vanlege» driftsutgiftene har ein auke mens utgifter til løn og sosial kostnader har ein lågare auke eller stabilt nivå. Derfor har ikkje sum driftsutgifter auka meir enn det som kjem fram i tabellen over og er dermed i takt med inntektsauken.

Finansinntekter har ein auke og dette skuldast gode resultat frå finansporteføljen samt gode utbytte frå mellom anna BKK og BIR dei siste åra. Renteinntekta har også bidrege positiv som følgje av at kommunen har pengar på bok, men renta er låg. Deler av bankinnskotet er plassert på konto med høgare rente enn «vanleg» bankkonto i påvente av at likviditeten vert meir pressa når investeringsprosjekta vert fullført. Finansutgifter har ein auke då mellom anna avdragsutgiftene har auka. Renteutgiftene har ikkje auka like mykje som frykta då det er lågt rentenivå på låneporteføljen og kommunen har nytta ein del korte lån med hyppigare refinansiering. Noko av auken i gjeld og utgifter til avdrag er derfor motverka av synkande rentenivå.

Resultat eksterne finansransaksjonar (negativt tall) er summen at finansinntekter og finansutgifter og denne har ein høg prosentvis auke siste åra og dette skuldast auke i kapitalutgifter som følgje av auka låneopptak som nemnd over.

Netto driftsresultat aukar og det er bra. Kommunen ligg godt over kravet om 1,75%. Prosenttalet i auke frå år til år er litt misvisande då sjølve talet ikkje er så høgt og ei endring på nokre få millionar gjer store utslag prosentvis. Men kommunen har ein god utvikling i netto driftsresultat og det er viktig å halde på denne framover.

## Konsolidert rekneskap

Frå 2020 skal kommunane levere konsolidert rekneskap, jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv., kapittel 10. I Vaksdal kommune inneheld det konsoliderte rekneskapen, både rekneskap til Vaksdal kommune og Vaksdal arbeids og opplæringscenter (AO-senteret) slått saman og eliminert for transaksjonar mellom selskapa som skal eliminerast. Rekneskap og notar er vedlagt årsberetninga til Vaksdal kommune, sjå vedlegg.

## Obligatoriske skjema og oversiktar

**Rekneskapsskjema § 5-4 – drift** gir ei samla oppstilling av frie disponible inntekter, renter og avdrag, avsetningar, fordeling til investering og drift og meir/mindreforbruk.

| Bevilgningsoversikt - drift (regnskap) §5-4             | Regnskap 2020       | Reg. budsjett       | Oppr.budsjett       | Regnskap i fjor     |
|---|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Rammetilskudd   | 177 810 034         | 166 605 000         | 166 605 000         | 161 256 099         |
| Inntekts- og formueskatt                                | 107 406 592         | 107 172 000         | 107 172 000         | 109 454 297         |
| Eiendomsskatt   | 39 117 482          | 36 251 000          | 36 251 000          | 32 765 000          |
| Andre generelle driftsinntekter                         | 7 477 723           | 3 300 000           | 3 100 000           | 6 096 000           |
| Konsesjonskraft   | 15 601 047          | 12 300 000          | 12 300 000          | 17 323 000          |
| <b>Sum generelle driftsinntekter</b>                    | <b>347 412 878</b>  | <b>325 628 000</b>  | <b>325 428 000</b>  | <b>326 894 396</b>  |
| Sum bevilgninger drift, netto                           | 306 529 892         | 284 603 000         | 284 603 000         | 289 245 943         |
| Kostnader finansiert ved bruk av fond i einingene       | - 31 540            | 1 551 000           | 2 869 000           | 2 885 000           |
| Avskrivninger   | 29 475 854          | 25 000 000          | 25 000 000          | 22 772 328          |
| <b>Sum netto driftsutgifter</b>                         | <b>335 974 206</b>  | <b>311 154 000</b>  | <b>312 472 000</b>  | <b>314 903 271</b>  |
| <b>Brutto driftsresultat</b>                            | <b>11 438 672</b>   | <b>14 474 000</b>   | <b>12 956 000</b>   | <b>11 991 125</b>   |
| Renteinntekter  | 1 532 296           | 800 000             | 800 000             | 2 346 478           |
| Utbytter  | 3 923 764           | 2 700 000           | 2 700 000           | 3 675 063           |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler            | 2 761 416           | 1 000 000           | 1 000 000           | 4 036 808           |
| Renteutgifter   | 9 137 475           | 12 900 000          | 12 900 000          | 7 768 832           |
| Avdrag på lån   | 21 680 384          | 24 100 000          | 24 100 000          | 22 974 590          |
| <b>Netto finansutgifter</b>                             | <b>- 22 600 382</b> | <b>- 32 500 000</b> | <b>- 32 500 000</b> | <b>- 20 685 073</b> |
| Motpost avskrivninger                                   | 29 475 854          | 25 000 000          | 25 000 000          | 22 772 328          |
| <b>Netto driftsresultat</b>                             | <b>18 314 144</b>   | <b>6 974 000</b>    | <b>5 456 000</b>    | <b>14 078 380</b>   |
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat       |                     |                     |                     |                     |
| Overføring til investering                              | - 11 510 000        | - 11 510 000        | - 8 090 000         | - 10 721 460        |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond   | - 539 175           | 620 630             | - 852 153           | - 1 426 865         |
| Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond    | - 6 264 969         | 3 915 475           | 3 487 475           | -1 873 000          |
| Dekning av tidligere års merforbruk                     | -                   | -                   | -                   | -                   |
| Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat | - 18 314 144        | - 6 973 895         | - 5 454 678         | - 14 021 325        |
| Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)        | -                   | -                   | -                   | -                   |

**Oversikt over løyvingar** – driftsbudsjettet viser fordeling per rammeområde (Forskriftens §5-4 annet ledd)

| Tenesteområde                   | Rekneskap 2020     | Budsjett 2020      | Pr Avvik           | Herav             |                    |
|---------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|-------------------|--------------------|
|                                 |                    |                    |                    | Korona            | Rekneskap 2019     |
| Fellesområde Økonomi            | 16 310 841         | 24 904 559         | 8 593 718          | 1 490 796         | 16 713 811         |
| Tenesteområde Helse og omsorg   | 137 305 628        | 121 000 000        | -16 305 628        | 9 615 068         | 128 566 198        |
| Tenesteområde oppvekst          | 101 201 976        | 94 963 441         | -6 238 535         | 3 925 136         | 97 311 998         |
| Tenesteområde Samfunnsutvikling | 51 711 447         | 43 735 000         | -7 976 447         | 1 310 892         | 46 653 936         |
| <b>Totalsum</b>                 | <b>306 529 892</b> | <b>284 603 000</b> | <b>-21 926 892</b> | <b>16 341 892</b> | <b>289 245 943</b> |

## Investeringar

Dei største prosjekta har god framdrift, for ein del mindre prosjekt er det forseinkingar på leveransar grunna pandemisituasjonen. Nokre av prosjekta er ferdigstilt, andre prosjekt går over fleire år.

### Felles økonomi

Arkivprosjektet i samarbeid med interkommunalt arkiv har stort sett framdrift etter planen. Fellesprosjekta innan IKT/Digitalisering er i samsvar med planen. Satsinga skal gje gevinstar for tenester, kvalitet og økonomi. Innbyggjartenester og samhandlingsløysingar har hatt høgast prioritet i 2020 mellom anna med innføring av nye nasjonale løysingar innan helse og sosial, velferdsteknologi til heimebuande, læringsplattform for skule, barnehagesystem, nytt sak/arkiv system med arkivering frå Teams, verktøy knytt til testing og vaksinerings, intern samhandlingsportal, «Tore på kontoret» -chatbot samt nye sikkerheitsløysingar innan IKT drifta.

### Helse og omsorg

Prosjekt demenssenter/helsehus har pågått gjennom året i samsvar med vedtak om aktivitetar og utgreiingar. Tilsegn om investeringstilskot frå Husbanken vart innvilga i desember og er tatt inn som delfinansiering av prosjektet. Oppstart med anbudsprosess for nybygg Vaksdal i 2021. I Vaksdal Ressurssenter er sjukesignal-/ og alarmanlegget bytta ut i 2020, det gamle kunne ikkje lenger vedlikehaldas av leverandøren. Det nye anlegget er godt tilpassa velferdsteknologi og nye digitale verktøy. I innovasjonsprosjektet DISH er tidsplanen skyvd litt ut i tid pga. pandemien. Arbeidet med dagsenteret i Elvavegen vart også utsett litt, men kom i gang i haust.

### Oppvekst

Nye Dale skule vart teken i bruk til skulestart i 2020. Prosjekta Vaksdal skule og Stamnes oppvekststun vart begge sett i gong i 2020. Stamnes oppvekststun vart ferdigstilt mars- 21. Gamle Vaksdal skule vart riven i 2020, og ny skule skal vere klar til skulestart i 2022.

### Samfunnsutvikling

Kjøp av Sæterdal sitt bygg på Vaksdal til brannstasjon erstatta prosjektet om mellombels stasjon. Ny brannbil er ferdig og levert. Nytt køyretøy er innkjøpt til teknisk stasjon og nye reinhaldsmaskiner er kjøpt inn. Nye Vaksdal Vassverk er ferdig og teken i bruk. Sikring av Kupebekken kom i gang i haust og vil pågå utover i 2021.

Første utbygging på bustadområdet på Tettaneset er ferdigstilt, inkludert kommunal infrastruktur. Det er inngått avtale om sal av neste utbyggingsområde.

Tiltaka om enøk, oppgradering og rehabilitering av kommunale bygg er forseinka både grunna koronasituasjonen og på grunn av anbudsprosessar om rammeavtalar. Ein del av prosjekta går over i 2021. Deler av områdeplanlegginga i samband med K5 er også overført til etter behandlinga av



prosjektet i NTP i 2021. Arbeidet med kollektivterminal ved Dale skule krev justeringar i plan, terminalen vil tidlegast stå ferdig i 2022 ifølge Vestland fylke. Trafikksikringa på Dale er godt i gang og hovuddelen kjem i 2021. Det vart elles utgreidd nytt klubbhus på Geitabakken. Vidare plan for detaljering og finansiering av klubbhuset held fram i 2021.

Note 12 viser oversikt over investeringar pr prosjekt nr.

| <b>Økonomiske oversikter</b>                                 |                 |                      |                      |                        |
|--|-----------------|----------------------|----------------------|------------------------|
| <b>Bevilgningsoversikt - invest. § 5-5</b>                   | <b>Regnskap</b> | <b>Reg. budsjett</b> | <b>Oppr.budsjett</b> | <b>Regnskap i fjor</b> |
| Investeringer i varige driftsmidler                          | 114 113 529     | 153 875 000          | 144 000 000          | 191 089 058            |
| Tilskudd til andres investeringer                            | 35 000          | -                    | -                    | 200 000                |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper                | 1 084 488       | 1 184 488            | -                    | 1 185 930              |
| Utlån av egne midler   | -               | 2 000 000            | 2 000 000            | 2 640 581              |
| Avdrag på lån  | 4 206 532       | 1 900 000            | 1 400 000            | 1 692 007              |
| Sum investeringsutgifter                                     | 119 439 549     | 158 959 488          | 147 400 000          | 196 807 576            |
| Kompensasjon for merverdiavgift                              | 18 589 257      | 25 870 000           | 25 600 000           | 29 966 787             |
| Tilskudd fra andre   | 3 959 400       | 1 300 000            | -                    | 2 811 000              |
| Salg av varige driftsmidler                                  | 265 000         | 1 000 000            | 1 000 000            | 3 200 000              |
| Salg av finansielle anleggsmidler                            | -               | -                    | -                    | 386 375                |
| Utdeling fra selskaper                                       | -               | -                    | -                    | -                      |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler                      | 6 410 619       | 4 810 765            | 1 400 000            | 4 508 914              |
| Bruk av lån  | 78 446 036      | 112 710 000          | 107 310 000          | 138 190 361            |
| Sum investeringsinntekter                                    | 107 670 312     | 145 690 765          | 135 310 000          | 179 063 438            |
| Videreutlån  | 1 263 061       | -                    | -                    | -                      |
| Bruk av lån til videreutlån                                  | 1 263 061       | -                    | -                    | -                      |
| Avdrag på lån til videreutlån                                | 1 180 832       | -                    | -                    | -                      |
| Mottatte avdrag på videreutlån                               | 1 679 009       | -                    | -                    | -                      |
| Netto utgifter videreutlån                                   | - 498 177       | -                    | -                    | -                      |
| Overføring fra drift   | 11 510 000      | 11 510 000           | 8 090 000            | 10 721 460             |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond  | - 2 375 790     | - 20 000             | -                    | - 1 631 679            |
| Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond | 2 136 850       | 1 778 723            | 4 000 000            | 5 772 663              |
| Dekning av tidligere års udekket beløp                       | -               | -                    | -                    | -                      |
| Sum overføring fra drift og netto avsetninger                | 11 271 060      | 13 268 723           | 12 090 000           | 14 862 445             |
| Fremført til inndecking i senere år(udekket beløp)           | -               | -                    | -                    | -                      |

Oversikt over detaljer løyving jf. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar § 5-4, andre ledd, er i vedlegg.

## Disponeringar gjort i årsavslutninga

I samsvar med Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar, kapittel 4 samt §5-9, er følgjande disponeringar gjort i drifts og investeringsrekneskapen:

| <b>Samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisponeringer, §5-9</b>                |              |
|---|--------------|
| <b>Drift</b>  |              |
| Netto driftsresultat  | 18 314 144   |
| Sum budsjettdisposisjoner   | 9 620 436    |
| Årets budsjettavvik (mer- eller mindreforbruk før strykninger)                  | 8 693 708    |
| Strykning av overføring til investering   | -            |
| Strykning av avsetninger til disposisjonsfond                                   | -            |
| Strykning av dekning av tidligere års merforbruk                                | -            |
| Strykning av bruk av disposisjonsfond   | -            |
| Mer- eller mindreforbruk etter strykninger                                      | 8 693 708    |
| Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets merforbruk etter strykninger    | -            |
| Bruk av disposisjonsfond for inndeckning av tidligere års merforbruk            | -            |
| Bruk av mindreforbruk etter strykninger for dekning av tidligere års merforbruk | -            |
| Avsetning av mindreforbruk etter strykninger til disposisjonsfond               | - 8 693 707  |
| Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk).                              | -            |
| <b>Investering</b>  |              |
| Sum investeringsutgifter, investeringsinntekter og netto utgifter videreutlån   | 11 271 060   |
| Sum budsjettdisposisjoner   | - 11 271 060 |
| Årets budsjettavvik (udekket eller udisponert beløp før strykninger)            | -            |
| Strykning av avsetninger til ubundet investeringsfond                           | -            |
| Strykning av overføring fra drift   | -            |
| Strykning av bruk av lån  | -            |
| Strykning av bruk av ubundet investeringsfond                                   | -            |
| Udisponert beløp etter strykninger  | -            |
| Avsetning av udisponert beløp etter strykninger til ubundet investeringsfond    | -            |
| Fremført til inndeckning i senere år (udekket beløp).                           | -            |

## Hovudtal drift

Nærare om måloppnåing og tal er tatt inn i vedlegga.

### Fellesområde økonomi

Felleskostnader administrasjon/politisk og alle tilskot til andre vert ført her, det same gjeld premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik. I 2020 er det i hovudsak inntekt får premieavvik og avskrivning med motpost på sjølvkostområda som gjer at resultatet er positivt. Fellespostar for kommunen samla vert ført her. Det kan derfor førekome store eller mindre avvik på dette området.

| Felles økonomi  | Rekneskap 2020    | Budsjett 2020     | Pr Avvik         | Herav Korona       | Rekneskap 2019    |
|-----------------|-------------------|-------------------|------------------|--------------------|-------------------|
| Felleskostnader | 16 310 841        | 24 904 559        | 8 593 718        | -1 490 796         | 16 713 811        |
| <b>Totalsum</b> | <b>16 310 841</b> | <b>24 904 559</b> | <b>8 593 718</b> | <b>- 1 490 796</b> | <b>16 713 811</b> |

### Tenesteområde helse og omsorg

Meirkostnaden er i hovudsak løn, og hovuddelen av avviket skuldast Covid 19 pandemien og auka ressursar til smittevern. Det har også vore ein auke i bemanning på sjukeheim og i heimetenesta grunna bruk av fleire institusjonsplassar enn budsjettert, og auke i vedtakstimar.

| Helse og omsorg | Rekneskap 2020     | Budsjett 2020      | Pr Avvik           | Herav Korona      | Rekneskap 2019     |
|-----------------|--------------------|--------------------|--------------------|-------------------|--------------------|
| Helse og omsorg | 132 770 855        | 116 056 000        | -16 714 855        | -9 241 247        | 126 104 166        |
| Felleskostnader | 4 534 773          | 4 944 000          | 409 227            | -373 821          | 2 462 032          |
| <b>Totalsum</b> | <b>137 305 628</b> | <b>121 000 000</b> | <b>-16 305 628</b> | <b>-9 615 068</b> | <b>128 566 198</b> |

### Tenesteområde oppvekst

Barnehage har eit meirforbruk på om lag 3 mill. Dette er for ein stor del knytt til manglande brukarbetaling då barnehagane vart stengt og auke i utgifter på grunn av Covid 19. Inntekt for redusert foreldrebetaling vart refundert kommunane i sin heilheit, men overført som rammetilskot og er derfor ikkje ført på barnehagane. Så dersom vi tar med inntektsbortfallet er kostnaden med korona i barnehagane litt under 2 mill. Barnehagane har også reduserte statlege overføringar og høge kostnader til andre kommunar.

Skule går i balanse, medan tverrfagleg teneste for barn og unge har eit negativt avvik på vel 1,5 mill. knytt til tiltak i barnevernet. NAV hadde eit negativt avvik på nær 3,5 mill. kr. i 2020. Det er utbetalingar til økonomisk sosialhjelp som utgjer store deler av avviket.

| Oppvekst         | Rekneskap 2020     | Budsjett 2020     | Pr Avvik          | Herav Korona      | Rekneskap 2019    |
|------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Barnehage og VIS | 27 014 481         | 24 036 000        | -2 978 481        | -1 214 242        | 26 688 699        |
| Felleskostnader  | 10 784 693         | 7 263 441         | -3 521 252        | -1 081 327        | 8 441 462         |
| Skule            | 63 402 802         | 63 664 000        | 261 198           | -1 629 567        | 62 181 837        |
| <b>Totalsum</b>  | <b>101 201 976</b> | <b>94 963 441</b> | <b>-6 238 535</b> | <b>-3 925 136</b> | <b>97 311 998</b> |

### Tenesteområde samfunnsutvikling

Meirforbruket er knytt til to større rashendingar i kommunen i løpet av året.

| Samfunnsutvikling | Rekneskap 2020    | Budsjett 2020     | Pr Avvik          | Herav Korona       | Rekneskap 2019    |
|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|--------------------|-------------------|
| Felleskostnader   | 2 672 176         | 4 306 784         | 1 634 608         | -140 348           | 2 681 531         |
| Samfunnsutvikling | 49 039 271        | 39 428 216        | -9 611 055        | -1 170 544         | 43 972 405        |
| <b>Totalsum</b>   | <b>51 711 447</b> | <b>43 735 000</b> | <b>-7 976 447</b> | <b>- 1 310 892</b> | <b>46 653 936</b> |

## Organisasjon

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen i Vaksdal. Om lag 430 personar fordelt på om lag 320 årsverk inkludert vikarar har kommunen som arbeidsgjevar. Menneska som arbeider her er vår viktigaste ressurs. Mange fagprofesjonar og yrkesgrupper er representert for å løyse kommunen sitt mangfald av oppgåver.

### Overordna mål og strategiar

#### Visjon og verdigrunnlag

Gjennom arbeidet med kommuneplanen er det utarbeida visjon og verdier for kommunen. Verdiane skal liggje til grunn for kommunen sine val og målsetjingar. Vår visjon er «bynært bygdeliv». Overordna verdier er uttrykt som «Nyskapande – Open – Samhald».

Gjennom organisasjonsutviklingsarbeidet (OU) arbeide heile kommuneorganisasjonen med felles verdier og valde «respekt – tillit – kompetanse – løysingsorientert». Desse verdiane høver godt inn under våre overordna verdier fastsett i kommuneplanen.


Visjon, verdier, etikk og samfunnsansvar utgjer ei felles plattform.

#### Mål og strategiar for organisasjonen

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskapleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnsutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

Vi er organisert i to fullmaktsnivå med rådmannsnivå, stab og 4 resultateiningar.

Omsynet til samordning, effektiv oppgåveløysing og kvalitet for brukarane ligg til grunn for organiseringa . Organiseringa skal ivareta krav til rolledeling og gjennom det sikre god internkontroll. Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen og god leiing er avgjerande for innovasjon og utvikling.



I ei utfordrande tid for kommunen er det viktig å finne rett nivå for strategisk og operativ leiing for å sikre tilstrekkeleg kapasitet, kompetanse og endringskraft balansert mot økonomi.

*Ein handlekraftig organisasjon fangar opp og responderer hurtig på behovsendringar, styrer etter fellesskapets beste løysningar og er god på intern og ekstern samhandling.*

Administrativt delegeringsreglement omhandlar ansvar og fullmaktsnivå i organisasjonen. Mål og resultatkrav er nedfelt i leiaravtalar.

Kommunen nyttar ulike styringsmodellar for å iverksette politiske vedtak, prioriteringar og mål, og å skape best mogelege resultat og kvalitet i tenestene:

- Linjestyring – styring av basisorganisasjon
- Prosjektstyring – styring av mellombels organisasjon som eit prosjekt eller program
- Kontraktstyring – styring av tenester som vert kjøpt frå andre
- Eigarstyring – styring av selskapa som kommunen eig heilt eller delvis

**Styringssystemet** (verksemdsstyring) er rådmann sitt verktøy for iverksetjing og oppfølging av politiske vedtak, mål og prioriteringar. Verksemdsstyringa skal:

- vera basert på mål- og resultatstyring som overordna styringsprinsipp
- sikre effektiv gjennomføring av politiske vedtak
- sikre etterleving av lover og forskrifter
- integrere risikostyring og internkontroll
- sikre ei formålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og riktig ressursbruk
- sikre læring, forbetring og innovasjon

#### Kommunen som arbeidsgjevar

Kommunesektoren skal møte framtidens behov og endringane som skjer i samfunnet. Dette krev ein nyskapande og endringsdyktig organisasjon med gjennomføringskraft til å utvikle tenester og arbeidsformer. For å lukkast er det avgjerande å ha motiverte og engasjerte medarbeidarar med riktig kompetanse.

Vårt overordna mål for arbeidsgjevarpolitikken er definert som

1. Vaksdal kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar
2. Vaksdal kommune er ein nyskapande, dynamisk og lærande organisasjon



Det er utarbeida mål og strategiar for følgjande innsatsområde i arbeidsgjevarpolitikken:

1. Etikk og samfunnsansvar
2. Medarbeidarskap og leiing
3. Samarbeid og arbeidsmiljø
4. Innovasjon og utvikling
5. Kompetente medarbeidarar
6. Mangfald og likeverd

#### Rekruttering

Rekruttering av fagkompetanse er ei av hovudutfordringane i kommunane (KS 2019). Med utgangspunkt i det framtidige behovet for arbeidskraft peiker KS på digitalisering, innovasjon, oppgåveløysing i samarbeid med andre og mindre deltidsarbeid som viktige satsingar for å løyse utfordringane. Særleg meiner dei dette vil gjelde helse og omsorgstenestene der behovet for omstilling og innovasjon vil auke i takt med teknologiske og demografiske endringar (Arbeidsgjevarmonitor KS).

Auka konkurranse om fagkompetanse er merkbart og ei stadig større utfordring hjå oss. Rekruttering av leiarar og tilsette med fagspesifikk kompetanse er krevjande. Det er aukande utfordringar innafor helse og omsorg. Vikarhenting er utfordrande innafor alle sektorar. Generelt er det vanskeleg å rekruttere til små fagmiljø. På enkelte fagområde er oppgåvemengda avgrensa og kommunen kan ha behov for ein mindre stillingsbrøk, men like fullt med nødvendig kompetanse. Interkommunalt samarbeid om oppgåveløysing vil vera nødvendig for å ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet for å levere i samsvar med krav.

I Vaksdal kommune jobbar vi aktivt med tiltak for å rekruttere og behalde tilsette. Leiarane legg til rette for at dei tilsette skal ha eit godt og attraktivt arbeidsmiljø. Når tilsette har det bra på jobb og snakkar positivt om sin eigen arbeidsplass, vil dette spreie seg også utanfor organisasjonen. Dette vil igjen kunne føre til at nye arbeidssøkjjarar søkar seg til kommunen.

Kommunen har tilsett 27 nye medarbeidararar i faste stillingar i 2020. Av desse er 10 av stillingane helgestillingar i helse og omsorg og 4 av stillingane er brannkonstablar. Interne jobbskifte er ikkje medrekna i desse tala. 28 tilsette slutta i Vaksdal kommune i 2020. Til samanlikning var det 36 tilsette som slutta i 2019. Turnover i kommunane er generelt låg og Vaksdal ligg rundt snittet for sektoren.

Kommunen er ei lærebedrift og har både lærlingar, studentar og praksisplassar. I løpet av 2020 har vi hatt 7 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget og 5 lærlingar i helsearbeidarfaget. Kommunen har mål om fleire lærlingar, dei siste åra har det vore utfordrande å skaffe kandidatar. Dette skuldast at det er færre elevar i vår region på denne utdanninga.

### Stillingar

Tala er frå HRM systemet pr 31.12. Det vil alltid vere ein del variasjonar i forhold til vikariat og vakante stillingar som ikkje er tatt med i tabellen. Mindre endringar i organisering i perioden gjer at tala ikkje kan samanliknast heilt.

|                   | 2020          |            | 2019          |            | 2018          |            |
|-------------------|---------------|------------|---------------|------------|---------------|------------|
|                   | Årsverk       | Personar   | Årsverk       | Personar   | Årsverk       | Personar   |
| Felles            | 21,75         | 24         | 23,14         | 24         | 23,24         | 24         |
| Skule/TBU         | 90,33         | 104        | 91,6          | 104        | 84,87         | 101        |
| Barnehage/VIS     | 49,72         | 58         | 53,74         | 61         | 56,35         | 64         |
| Helse og omsorg   | 118,97        | 192        | 111,44        | 184        | 115,83        | 183        |
| Samfunnsutvikling | 47,04         | 58         | 47,06         | 59         | 46,39         | 59         |
| <b>Samla</b>      | <b>327,81</b> | <b>436</b> | <b>326,98</b> | <b>432</b> | <b>326,51</b> | <b>431</b> |

\*variasjon i innhald ulike år. Felles: rådmann og stab, felles oppvekst /helse og omsorg, HTV/HVO, Frivilligsentralen, NAV

### Pensjon

I 2020 var det 21 personar som fekk utbetalt seniorbonus.

Det er 2 personar som har gått av med alderspensjon i 2020.

AFP 62 – 64 år (KLP): Det er 3 personar som har tatt ut full AFP

AFP 62 – 64 år (SPK) : Det er 2 personar som har tatt ut full AFP

Kommunen tilset i faste stillingar og nyttar i sær s liten grad mellombelse stillingar. Oversikten pr 31.12.2020 viser mellombels tilsette:

Aml 14-9 a - Når arbeidet er av midlertidig karakter

- 5 personar ( 3,43 årsverk) mellombelse oppgåver som utgår på kort sikt. 2 av desse er grunna korona.
- 5 personar ( 3,29 årsverk) påvente av rekruttering av rett kompetanse / midlertidig karakter.

Aml 14-9 b arbeid for ein annan (vikariat for bestemt person)

- 1 person ( 0,4 årsverk) i sjukevikariat
- 3 personar (2,5 årsverk) vikar for person som har uløna permisjon etter maksdato for sjukepengar.
- 7 personar (3,89 årsverk) er i vikariat i undervisningsstillingar for tilsette som har utdanningspermisjonar, er mellombels frikjøpt frå sine stillingar eller anna permisjon.
- 5 personar (3,26 årsverk) vikar for personar i foreldrepermisjon.



For å vere ein attraktiv arbeidsgjevar ønskjer Vaksdal kommune å tilby heile, faste stillingar. I samarbeid med fagorganisasjonane arbeidar vi for å få på plass årsturnus i helse og omsorg. I tillegg jobbar vi med å få på plass ordningar der tilsette jobbar på tvers av fleire tenestestader.



Kommunen har som mål å redusere uønskt deltid og auke heiltidsstillingar og jobbar kontinuerleg for å tilby størst mogelege stillingar. I eit inkluderande arbeidsliv vil det likevel vere tilsette som av ulike grunnar har deltidsstillingar.

Det er flest deltidsstillingar i helse og omsorg. Undersøkingar viser at kommunen samla har lite uønskt deltid, dei fleste som søker større stilling får det når noko er ledig. Ganske mange har i dag mellom 80 – 100% stilling i helse og omsorg. Med dei arbeidstidsordningane som er mest brukt vil dette gje fleire deltidsstillingar på helg. Det har over tid vore arbeid med nye alternative turnusar. Det er særleg dette med noko meir helgejobbing som skaper utfordringar.

Vi håper å koma i hamn med årsturnus i helse og omsorg innan utgangen av 2021. Om vi kjem i mål med dette arbeidet, vil dette kunne medføre at vi kan planlegge bemanninga lengre fram i tid. Dette vil også gje moglegheit for å tilby tilsette større stillingsprosent. Målet er oppstart av ny turnus (årsturnus) frå 1.1.2022.

Tilsette som er villige til å jobbe på tvers av fleire tenestestader, har også moglegheit for å få større total stillingsstorleik, noko som vil sikre tilsette føreseieleg arbeidstid og føreseieleg inntekt. Det vil også medføre mindre behov for innleige av arbeidskraft frå vikarbyrå.

Ved utgangen av året var gjennomsnittleg stillingsstorleik 75% i kommunen samla og 62% i helse og omsorg.

|                 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|-----------------|------|------|------|------|
| Kommunen samla  | 0,67 | 0,76 | 0,76 | 0,75 |
| Helse og omsorg | 0,57 | 0,63 | 0,61 | 0,62 |

### Lønsvekst.

I det sentrale oppgjeret var den totale årslønsveksten 1,7 % for tariffområdet i 2020. Det var ikkje sett av lønsmidlar til lokale forhandlingar i 2020.

### Helse, miljø og tryggleik


Kommunen arbeider heilskapleg med helse, miljø og tryggleik. Å utvikle godt leiarskap og aktivt medarbeiderskap er målsettingar for eit godt arbeidsmiljø og HMT. HMT-planen med vernerundar, lokale arbeidsmiljøgrupper, sjukefråværsoppfølging, medarbeidersamtalar, medarbeidarundersøking, kursing og leiarprogram er alle gode verktøy for både det systematiske og individretta arbeidet. Avvikshandtering gir grunnlag for læring og auka medvit om risikofaktorar og førebygging. I KS sitt bransjeprogram for inkluderande arbeidsliv har det kome fleire verktøy for barnehage og helse og omsorg.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er eit partssamansett utval med 8 medlemmer, fire frå arbeidstakersida og fire frå arbeidsgjevarsida. Utvalet er heimla i arbeidsmiljølova.

Sjukefråværet i kommunen har over tid vore for høgt og arbeidet vårt for å redusere sjukefråværet er gjennomgått og forsterka i perioden. Tidleg dialog, tettare oppfølging og betre koordinering ved tilrettelegging er fleire tiltak saman med arbeidsmiljøgrupper og kompetansehevingstiltak lokalt. Det er så langt ikkje tilgjengelege data av samla sjukefråvær i kommunesektoren for 2020. SSB utarbeider statistikk over legemeldt fråvær i kommunane. Det viser for kommunane samla ei auke i 2020 og

særleg i 4.kvartal. Over tid har sjukefråværet i kommunesektoren vore høgast i barnehage og helse og omsorg.

Sjukefråværet i den kommunale organisasjonen er for året samla 8,6% mot 7,2% førre år. Ettersom det særleg er korttidsfråværet som har auka er det grunn til å tru at dette i hovudsak har samanheng med pandemien som «traff» landet i mars 2020.



Fråværet fordelt på eining:

| Eining                 | 2018       | 2019       | 2020       |
|------------------------|------------|------------|------------|
| Barnehage              | 14,3       | 14,4       | 14,8       |
| Skule                  | 5,5        | 4,7        | 7,3        |
| Samfunnsutvikling      | 9          | 4,6        | 5          |
| Helse og omsorg        | 10,4       | 10         | 10,5       |
| Rådmann, stab, NAV mfl | 2,7        | 2,5        | 5,7        |
| <b>Kommunen samla</b>  | <b>8,2</b> | <b>7,2</b> | <b>8,6</b> |

Kommunen gjennomfører medarbeidarundersøking kvart andre år, seinast i 2019. Undersøkinga er bygd opp på 10 faktorar som er godt fundamentert i forskning på kva som påverkar eit arbeidsmiljø. Den seier noko om leiarskap, medarbeidarskap og samarbeid i organisasjonen. Det er utarbeida handlingsplanar som vert fylgt opp av dei lokale arbeidsmiljøgruppene som består av verneombod, tillitsvalde og leiarar. 10-faktor teorien vert brukt i lokalt arbeidsmiljøarbeid og i utviklings- og leiarprogram. Medarbeidarundersøkinga har veldig god oppslutning, det tyder på at den er ei viktig “temperaturmåling” og at resultatet vert arbeidd med fylgt opp i fellesskap lokalt.

### Læring, utvikling og innovasjon

Endringstakten i samfunnet og arbeidslivet aukar. Evne til innovasjon og nyskaping er nødvendig for å løyse komplekse utfordringar og knappheit på ressursar. Arbeidet krev gode leiarar, medverknad frå tilsette, samarbeid med tillitsvalde og aktiv stabsstøtte i gjennomføringa. Det er viktig at organisasjonen har kompetanse og gode system når ein gjennomfører endring og omstilling. Digitalisering, endringsprosessar og nye arbeidsmåtar er peika på som den største arbeidsgjevarutfordringa i KS sin årlege *arbeidsgivermonitor*.



Dei gjennomgåande måla i planperioden er styrande for mål og tiltak for organisasjonen samla.

- Organisasjonsutvikling og innovasjon
- Kompetanseutvikling
- Verksemdsstyring og kvalitetsutvikling
- Digitalisering
- Kommunikasjon og openheit
- Arbeide systematisk og målretta med reduksjon av sjukefråvær gjennom bruk av forskings- og effektbaserte verkemidlar.
- Læringordning, praksisplassar/studentar
- Utarbeide ny arbeidsgjevarpolitikk

Organisasjonen prioriterer eit kontinuerleg kompetanse-, innovasjon og utviklingsarbeid. Kommunen samarbeider aktivt med ulike FoU miljø og andre kommunar. Samarbeid med andre kommunar er alt frå faglege program og nettverksarbeid til bruk av ny teknologi og digitalisering.

Oppvekst har pågåande utviklingsprogram i tillegg til etter- og vidareutdanning og andre fagspesifikke opplæringstiltak. Helse og omsorg er i gang med desentralisert sjukepleiar/vernepleiarutdanning og har i tillegg fleire andre opplæringstiltak og utviklingsprogram gåande. Kommunen deltar også i eit EU prosjekt innan helse og omsorg. Sjølv om ein del aktivitetar har vore utsett i 2020 grunna pandemien, så har kommunen gjennomført eller deltatt i omfattande kompetanse-, innovasjon og utviklingsarbeid i løpet av året. Ein del av arbeidet er nærare omtalt under tenesteområda eller fellesområdet.

Kompetanseutvikling er viktig både for tilsette si eiga utvikling og for at arbeidsgjevar skal få tilført ny og viktig kompetanse. Innafor helse og omsorg tilbyr vi utdanningsavtalar til sjukepleiarar og andre høgskuleutdanna. I tillegg tilbyr vi utdanningsavtalar til fagarbeidarar som ønskjer å ta vidareutdanning. Ufaglærte som ønskjer å ta fagbrev, får støtte og vegleiing til dette.

I skulen er det fleire lærarar som tar etter- og vidareutdanning. Dette gjennomførast for at vi skal nå dei nye kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk frå 2025. Denne utdanninga blir i stor grad dekkja av statlege midlar. I barnehagane har alle tilsette dei siste 3 åra gjennomført eit læringsprogram om inkluderande arbeidsmiljø. Dette programmet vert avslutta sommaren 2020. Nokre barnhagelærer gjennomfører også anna vidareutdanning.

Innafor andre tenester og funksjonar er det færre tilrettelagde kompetanseløp. Unntaket er brann og redning der kravet til kompetanse er stort. Gjennom vertskommunesamarbeidet med Bergen er det gjennomført omfattande opplæringsløp for våre lokale tilsette dei siste åra. Vi har tidlegare hatt program innan tekniske fag, i dei siste åra har vore meir aktuelt med ulike typar fagspesifikke kurs og sertifiseringar.

Ein del tar høgare utdanning privat ved sidan av jobb.

## Likestilling, inkludering og mangfold

Vaksdal kommune skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Organisasjonen skal vera prega av openheit, inkludering og mangfold – utan diskriminering på grunnlag av etnisitet, livssyn, kjønn, funksjonsevne, alder eller seksuell orientering. Kommunen skal tilby likeverdige tenester til alle. Dette gir retning for kommunen sin rolle som samfunnsutviklar, tenesteytar og arbeidsgjevar og er tatt inn i styringsdialogen internt.

Kommunesektoren er kvinnedominert. Pr. 31.12.20 var andel kvinner i Vaksdal kommune 78 % og menn 22 %. I leiande stillingar var 75 % kvinner og 25 % menn. Kommunen har som mål å få tilsett fleire menn i barnehage, skule og helse og omsorg. Vi har fått litt fleire menn i desse tenestene, men skulle gjerne hatt fleire.



| Eining            | Kvinner       |              | Men          |              |
|-------------------|---------------|--------------|--------------|--------------|
|                   | Årsverk       | %            | Årsverk      | %            |
| Barnehage/VIS     | 46,72         | 94,00        | 3,00         | 6,00         |
| Skule             | 64,27         | 71,15        | 26,06        | 28,84        |
| Helse og omsorg   | 110,79        | 93,10        | 8,18         | 6,87         |
| Samfunnsutvikling | 19,42         | 41,28        | 27,62        | 58,71        |
| Felles            | 15,55         | 71,49        | 6,20         | 28,50        |
| <b>Samla</b>      | <b>256,76</b> | <b>78,32</b> | <b>71,06</b> | <b>21,67</b> |

Kommunen ynskjer mangfold i personalgruppa. Vi har tilsette med ulik etnisk bakgrunn, frå fleire verdsdelar. Kommunen har i fleire år hatt mange i arbeidspraksis og språkpraksis. Etter kvart har fleire søkt og fått faste stillingar. For enkelte kan det vera utfordringar knytt til dokumentasjon av utdanning i andre land.

Kommunen har tilsette i alle aldersgrupper. Flest tilsette (249) er i alderen 30 -55år, 121 personar er over 55 år og 66 personar under 30 år. Prosentvise årsverk er fordelt med 27,7% over 55 år, 15,1 % under 30 år og 58 % i alderen 30-55 år ved utgangen av 2020.

## Etikk, kvalitet og eigenkontroll

Kommunen ønsker å legge til rette for god styring, kontroll og arbeid med kvalitet i heile organisasjonen. Kontinuerleg arbeid med kvalitetsutvikling er del av systemarbeidet. Kvalitetssystemet gjer det enkelt for tilsette og leiarar å finne alle relevante dokument og skjema, synleggjera prosesser og analyser, og det skal være enkelt å få tilgang til styringsdata som avviksstatistikk og risikoanalyser. Samla er det meldt 773 avvik i 2020. Avvika er i all hovudsak lukka innan 14 dagar.

I 2020 vart dei fleste planlagde statlege tilsyn utsett, rapporter etter tilsyn vert lagt fram som referatsaker til kommunestyret. Ein forvaltningsrevisjon av vertskommunesamarbeid om interkommunal legevakt vart behandla. Frå 2021 trer endringane om internkontroll i ny kommunelov i kraft. Ansvar for internkontroll er plassert hjå kommunedirektøren med rapportering til kommunestyret minst ein gang i året. Rapporteringa vert frå neste år tatt inn i årsmeldinga.

Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. Etikk og etiske problemstillingar er eit sentralt tema i arbeidet med kvalitetsutvikling i heile organisasjonen. Kommunen skal vera ein open og solid organisasjon med høg etisk standard. Ei hensiktsmessig organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane mottar tenester av rett kvalitet og til rett tid, og at organisasjonens ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtatte økonomiske rammer.

## Vedlegg 1: Tenesteområda

### Oppvekst

Tenesteområde oppvekst omfattar barnehagar, skular, PPT, barnevernet, helsestasjonen, VIS, Vaksdal frivilligsentral og NAV.

Kommunen har 4 kommunale barnehagar i sentra Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal. Barnehagen har ansvar for det pedagogiske tilbodet til det ein skilde barn i barnehagen – i forståing og samarbeid med foreldra, jf. Lov om barnehage. Kommunen betalar kompensasjon etter statleg sats til andre kommunar når born frå Vaksdal går i private barnehagar der. I tillegg betaler kommunen etter kommunestyrevedtak tilskot til Modalen kommune for borna frå Eidsland og Eksingedalen som nyttar barnehage i Modalen.

Kommunen har 5 skular fordelt på Dale, Stanghelle, Vaksdal, Stamnes og Eksingedalen. For elevane frå Eidsland krins kjøper kommunen skuleplassar i Modalen for dei som ynskjer det.

PPT og barnevernet har òg samarbeidsavtale om drift av desse tenestene i Modalen kommune. Kontora er lokalisert på Dale.

Helsestasjon, barnevern og PPT er samla i ei tverrfagleg avdeling under eining skule. NAV og Vaksdal frivilligsentral er plassert under kommunalsjefen.

### Økonomi

| Oppvekst         | Rekneskap 2020     | Budsjett 2020     | Pr Avvik          | Herav Korona      | Rekneskap 2019    |
|------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Barnehage og VIS | 27 014 481         | 24 036 000        | -2 978 481        | -1 214 242        | 26 688 699        |
| Felleskostnader  | 10 784 693         | 7 263 441         | -3 521 252        | -1 081 327        | 8 441 462         |
| Skule            | 63 402 802         | 63 664 000        | 261 198           | -1 629 567        | 62 181 837        |
| <b>Totalsum</b>  | <b>101 201 976</b> | <b>94 963 441</b> | <b>-6 238 535</b> | <b>-3 925 136</b> | <b>97 311 998</b> |

I 2020 ligg budsjett og rekneskap for barnevern, PPT og helsestasjonen under eining skule. I felleskostnader er NAV og frivilligsentralen inkludert.

Barnehage og VIS har eit meirforbruk på nær 3 mill. Av dette er vel 1,2 mill. knytt til ekstra utgifter med korona og utover det, om lag 550 000,- i manglande foreldrebetaling i tida då barnehagane var stengt i mars/april. Kr 1,6 mill. er knytt til lågare tilskot frå staten enn budsjettert. Det vil seie at den ordinære drifta av barnehagane i 2020 er i balanse. Lågare lønsoppgjret enn budsjettert har bidrege til balanse i barnehagane.

Skule og Tverrfagleg teneste barn og unge går samla om lag i balanse. Skulane har eit mindreforbruk på om lag 1,5 mill. Dette er hovudsakleg knytt til lågare lønsoppgjret enn budsjettert. Tverrfagleg teneste for barn og unge har eit negativt avvik på omlag 1,5 mill. Overforbruket er knytt til tiltak og ekstern bistand i barnevernet. 1,6 mill. som er knytt til korona gjeld manglande brukarbetaling medan SFO var stengt og auka ekstern bistand i barnevernet.

NAV hadde eit negativt avvik på nær 3,5 mill. kr. i 2020. Av dette er vel 1 mill. kr. relatert til korona. Det er auka utbetalingar til økonomisk sosialhjelp og auka bruk av kvalifiseringsprogram som utgjør avviket. Det er utbetalt vel 1,6 mill. kr. meir i økonomisk sosialhjelp i 2020 enn i 2019.

Det vert viktig å halde fram med å kvalitetssikre budsjettet så godt som mogeleg og vidare gjennom god økonomistyring avdekke ev. avvik og justere drifta for å gå i balanse.

### **Barnevern**

Barneverntenesta inngår i Tverrfagleg teneste for barn og unge. I 2020 har barneverntenesta hatt eit særskilt fokus på førebuing til barnevernsreforma inkludert tilstandsrapportering, etterutdanning innan juss i barnevern og nytt fagsystem. Utviklingsarbeidet er knytt til Tverrfagleg teneste for barn og unge sitt satsingsområde «Laget rundt barnet», der pilotprosjektet «Barn og unges helseteneste» saman med BUP er sentralt. Barnevernsleiar har delteke på tverrfaglege samlingar i Modalen i tillegg.

Barneverntenesta tok imot 37 nye meldingar 2020. Dette er ein nedgang frå 2019 (52), 2018 (49), 2017 (71), 2016 (62). Lik som i Vaksdal er det nedgang i meldingar jamt over heila landet i 2020. Ein ser nedgang byrja etter mars og nedstenging av barnehage og skule. Slik ein frykta då melde-instansane ikkje lenger hadde dagleg kontakt med borna.

Meir detaljerte rapporteringar gjev Barneverntenesta jamleg til både Fylkesmann i Vestland (Bufdir) og SSB. Kommunestyret har i tillegg fått lagt fram tilstandsrapport for barnevernet i 2019.

### **Helsestasjonen og skulehelsetenesta**

Helsestasjonen inngår i Tverrfagleg teneste for barn og unge. I 2020 registrerte helsestasjonen 34 fødselar. Grunna koronasituasjonen, vart det kun utført 16 heimebesøk. Nokre foreldre foretrakk å komme på helsestasjonen, mens andre ikkje fekk tilbod grunna restriksjonar. I starten av pandemien var nasjonale føringar at alle konsultasjonar utan vaksiner og dei heilt nyfødde skulle avlysast. Ein helsesjukepleiar var delvis ute for å ta del i koronaarbeid fram til mai. Grunna låge fødselstal i 2019 og 2020, har drifta av helsestasjonen gått greitt til tross for nedstenging.

Skulehelsetenesta har hatt 803 konsultasjonar med elevar i 2020, mot 1022 i 2019. Dette har vore både faste konsultasjonar gjennom programmet for skulehelsetenesta og open-dør. Då skulane vart stengde i mars gjekk henvendingane dramatisk ned og i april hadde me ingen konsultasjonar. Telefon og snapchat-kontakten tok seg litt opp, men det er vanskeleg å drive skulehelseteneste utan at ein er i miljøet der elevane er. Nokre elevar fekk tilbod om time på helsestasjonen i staden, men det vart vanskeleg å få til for mange. Frå hausten 2020 har det vore ein særskilt stor pågang på skulehelsetenesta, både på barnetrinnet og ungdomstrinnet. Sakene me har fått har vore meir alvorlege og tidkrevjande enn tidlegare. Særleg på ungdomstrinnet har me ikkje klart å gjennomføre konsultasjonar etter programmet. Det har vore stor etterspørsel på psykologtenester i 2020.

Helsestasjonen tilbyr òg drop-in Helsestasjon for ungdom. I perioden april/mai vart det gjort forsøk på å ha ein fast dag med tilbod om HFU for å nå elevane på vidaregåande som ikkje hadde tilgang til skulehelsetenesta ved sin skule. Tilbodet vart lite nytta, truleg grunna lite marknadsføring. I 2020 hadde me 23 henvendingar knytt til HFU.

Rekrutteringa av ny helsesjukepleiar til å bemanna opp helsestasjonen/skulehelsetenesta viste seg å vera utfordrande i 2020, men ein lukkast på slutten av året og ny helsesjukepleiar var på plass ved årsskifte.

### **NAV**

132 personar i alderen 18 – 67 år har fått utbetalt sosialhjelp til livsopphald i 2020, mot 117 i 2019. Det er ei auke i utbetaling av sosialhjelp til livsopphald i 2020 samanlikna med 2019, omlag kr 1.6mill.

NAV er i kontakt med om lag 60 ungdommar under 30 år, mot 55 i 2019 og 58 i 2018. NAV jobbar aktivt



med og har tett oppfølging av ungdommane. Målet er å få dei i arbeidsrelatert aktivitet. Ungdom som fell ut eller ikkje kjem inn på arbeidsmarknaden er ein høgt prioritert oppgåve for NAV og det er særressurskrevjande då oppfølginga og dialogen med denne gruppa er veldig tett. Koordineringa og samarbeidet mellom statleg og kommunal teneste er viktig for å lykkast i dette arbeidet, samt samarbeidet med bedrifter og næringsliv. Arbeidet med denne gruppa vert framleis eit hovudsatsingsområde i 2021.

### Frivilligsentralen

I 2020 opna sentral for utlån av utstyr på Dale, BULK. Særleg er det kjøpt inn sport- og fritidsutstyr som alle i kommunen kan låna gratis. BULK er lokalisert ved Turbinen. Ung i Vaksdal vart arrangert gjennom sommaren. Her fekk born og unge gratis tilbod om alt frå besøk i vindtunnel, kino, klatrepark m.m. Det vart delt ut over 450 aktivitetskort denne sommaren.

På grunn av restriksjonar i samband med korona har frivilligsentralen hatt avgrensa aktivitet og tilbod for eldre. Det er likevel vorte organisert hjelp til handling for dei som treng det. Gjennom året har det òg vore samarbeid mellom frivilligsentralen og valfaget «Innsats for andre» ved Dale skule.

Andre aktivitetar som frivilligsentralen har bidrege til er blant natteravnar og julegåvetreet.

### Vaksdal introserter

Vaksdal introserter vart oppretta i 2016 som ei samla teneste knytt til flyktningar og innvandrarak. Det vil seie gjennomføring av introduksjonsprogrammet, norskopplæring, busetting, arbeidspraksis og rettleiing. Frå august 2018 vart tilbodet utvida med grunnskule for vaksne. Allereie året etter fullførte to deltakarar grunnskule og er i gang med vidaregåande opplæring. I 2020 fekk 12 vitnemål, og i 2020/2021 er det 11 deltakarar i grunnskule.


Det har vore noko utflytting, særleg av unge som tek vidare utdanning. Generelt gir flyktningane uttrykk for å trivst i Vaksdal og er godt integrert. Tenestene i kommunen har hatt godt samarbeid om kvalifisering og praksisplassar. Innan skule, barnehage og helse er det fleire som vert nytta som vikar. Nokon har fått fast jobb i lokale bedrifter og ein har starta eigen bedrift.

Vaksdal kommune busette ikkje nye flyktningar i 2020. I 2020 er det registrert 195 personar som er/har vore knytte til Flyktningtenesta/VIS. 2017 var siste året vi fekk tildeling frå IMDI og i 2018 kom dei to siste i samband med familiejenforeining.

### Skule

Førebels KOSTRA-tal viser at skulane i Vaksdal nytta meir i driftsutgifter pr. elev enn i 2019. Samanlikna med kommune-gruppa nyttar vi omlag det same, medan vi nyttar meir enn landet elles.

Eininga har hatt god økonomistyring sjølv om drifta har vore stram. Skulane er nøktern med vikarbruk og flyttar ressursar internt i skulen til der det er behov. Dette gjev ein større kontroll på variable lønnskostnader.



For skulane i Vaksdal har 2020 vore eit merkeår. Ny flott og moderne skule på Dale stod ferdig i mai og elevane frå ungdomstrinnet fekk flytta inn. Barnetrinnet flytta inn i august. På Stamnes starta ein arbeidet med ombygging til oppveksttun og på Vaksdal starta ein riving av skulen for å gjera plass til ein ny skule. Samstundes som desse prosessane har vore gledelege og positive har det vore utfordrande. Elevar og lærarar har flytta frå Stanghelle til Dale, og elevar og lærarar har rydda og flytta

frå Vaksdal til Stanghelle. Stamnes har drive skule i same bygg som det har vore ombygging. Både flytte- og byggeprosessane, organiseringane og endringane dette har ført med seg har vore krevjande.

Midt i dette flytte- og byggearbeidet har skulane handtert koronasituasjonen. Skulane vart stengt 13. mars og lærarane måtte raskt omstille seg og planlegge for digital heimeundervisning for alle elevane. Etter opning av skulane har det vore krav om åtskilte grupper, delte uteområde og mindre fleksibel bruk av lærarar og fagarbeidarar. I periodar i haust har det vore naudsynt med digital undervisning pga. smitteutbrot, og då på kort varsel. Dette har vore særskilt krevjande.

I tillegg til kvalitetsvurderinga i barnehage og skule, og tilsyn i barnehage, vert kvalitet i skule òg målt gjennom ulike undersøkingar og målingar som elevundersøkinga, nasjonale prøvar og grunnskulepoeng. Vidare følgjer resultat frå grunnskulepoeng og nasjonale prøvar i 2020.

|                  | Vaksdal<br>2012/13 | Vaksdal<br>2013/14 | Vaksdal<br>2014/15 | Vaksdal<br>2015/16 | Vaksdal<br>2016/17 | Vaksdal<br>2017/18 | Vaksdal<br>2018/19 | Vaksdal<br>2019/20 | Landet<br>2019/2020 |
|------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|---------------------|
| Grunnskulepoeng* | 36,3               | 38,6               | 37,3               | 39,9               | 41,5               | 41,7               | 41,9               | 43,8               | 43,2                |

\* Grunnskulepoeng er gjennomsnittskaraktar for elevane x 10

Grunnskulepoenga for elevane som gjekk ut av 10. årssteg i 2020 viser resultat noko høgare enn landet elles. Grunna korona vart eksamen for 10. årssteg avlyst våren 2020.

Gjennomsnitt skalapoeng, nasjonale prøvar 2020 er:

| 5. årssteg | Vaksdal | Vestland | Landet |
|------------|---------|----------|--------|
| Lesing     | 46      | 49       | 50     |
| Rekning    | 45      | 50       | 50     |
| Engelsk    | 49      | 50       | 50     |

| 8. årssteg | Vaksdal | Vestland | Landet |
|------------|---------|----------|--------|
| Lesing     | 50      | 49       | 50     |
| Rekning    | 51      | 50       | 50     |
| Engelsk    | 51      | 50       | 50     |

Tabellane over viser at skulane i 2020 skåra lågare enn fylket og nasjonalt nivå på alle dei nasjonale prøvane på 5. årssteg, medan ein skårar likt eller høgare 8. årssteg.

I kvalitetsmelding/tilstandsrapporten for skule og barnehage som vert lagt fram våren 2021 vil ein gå grundigare inn i mål, tiltak og resultat i høve kvaliteten i skulane og barnehagane i Vaksdal, både når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat.

#### Mål og måloppnåing:

*Elevane våre opplever at dei høyrer til og medverkar i eit positivt, variert og aktivt læringsfelleskap*

Det er god trivsel, læringskultur, tverrfagleg og aldersblanda opplæring, men det er eit utviklingspotensiale knytt til elevmedverknad i fag og praksis for variert og aktiv læring.

*Skulane skal vidareutvikla profesjonsfelleskap der tilsette reflekterer over felles verdiar, vurderer og utviklar praksisen sin i tråd med ny læreplan*

Skulane har gjennom våren gått gjennom Utdanningsdirektoratet sine kompetansepakker knytt til ny læreplan, og dei starta tidleg med arbeidet med verdiar og prinsipp i overordna del. Stanghelle og Dale skular har hausten 2020 tilsett teamleiarar som har styrka skulane sitt arbeid med kvalitetsutvikling. Grunna pandemien har det vore noko redusert arbeid med utvikling av profesjonsfelleskap knytt til ny læreplan.

*Elevane skal møte lærarar som har kompetanse til å leie læringsprosessar i digitale miljø*

Det er vorte auka delingskultur innan digital leing av læringsprosessar ved alle skulane, og heimeskule i tida med korona har gitt lærarane brei erfaring med digital læringsleing. Det mest særmerke er at alle lærarane no har erfaring med digital læringsleing over tid og i dei fleste fag. Overgang frå lærebøker til digitale læringsressursar har òg bidrege til auka praksis med digital læringsleing. Ved Dale skule har ein grunna nybygget fått eit digitalt undervisningsmiljø der ein har tatt i bruk både VR-

briller, robotar og koding. Fleire av skulane har fått ekstern opplæring i digital læringsleing. Framover er det viktig å leggje til rette for deling, slik at det ikkje oppstår store skilnader mellom tilbodet dei ulike elevane mottek.


### Tilsette/HMT

Det har vore jamleg fokus på sjukefråvær i alle personalgrupper. Sjukefråværet har likevel auka sidan førre år og resultatet enda på 7,3 % i 2020, mot 4,7 % i 2019 og 5,5 % i 2018. Målet til skule er 5 %. Skulane har gjennomførte vernerundar i 2020 og tilsette har hatt tilbod om medarbeidarsamtalar.

### **Barnehage**

Tal barn i barnehage har vore stabilt dei siste åra, men i 2020 var det ein nedgang frå tidlegare år. Nokre barn i kommunen går i barnehage i Modalen, nokre få i andre nabokommunar. Totalt 181 barn hadde plass i Vaksdal kommunale barnehage ved utgangen av 2020.

Førebels KOSTRA-tal for barnehage viser at Vaksdal dei siste åra har hatt ei jamn auke i ressursbruk pr. innbyggjar 1-5 år. Same auka har òg KG2 og landet elles. Utgiftene i Vaksdal er under både kommunegruppa og landet elles som tidlegare år. Det er framleis færre barn som går i barnehage i kommunen enn i kommunegruppa og landet.



Barnehagane er fleksible og flyttar ressursar internt i barnehagane der det er behov. Dette gjev ein større kontroll på variable lønnskostnader. Bemanningsnorm og pedagognorm som vart innført i 2018 har vore kostnadsdrivande for barnehage. Det er òg ei ytterlegare auke i kostnadane til redusert foreldrebetaling i 2020.

Korona har påverka barnehagane sidan første nedstenginga i mars. Barn av foreldre med kritiske samfunnsfunksjonar fekk omsorgstilbod i perioden barnehagane var stengt. Når barnehagane opna igjen var det faste små grupper med barn gjennom heile dagen, uteområdet var delt i soner og opningstida redusert for å klare å halde retningslinjer for smittevern. I tillegg vart det slutt på smørelunsj og matsiveringa redusert til drikke (mjølk) til matpakka og eit varmt måltid innimellom. Foreldra har levert barna ved inngangen og den daglege praten i garderoben er vekke. Foreldresamtaler er gjennomført digitalt, og det har fungert godt. Samarbeid rundt barn med særskilte behov har vore på plass og dei har fått tilbodet dei treng. Det auka vikarbehovet har vorte møtt ved eit godt og tett samarbeid med personalavdelinga. Rekruttering og kvalifisering av vikarar skjer fortløpande.

Tabellen under viser del barn i barnehagen i ulike aldersgrupper og del minoritetsspråklege barn i barnehage samanlikna med kommunegruppa og landet elles.

|  | Vaksdal<br>2015 | Vaksdal<br>2016 | Vaksdal<br>2017 | Vaksdal<br>2018 | Vaksdal<br>2019 | Vaksdal<br>2020 | KG 2<br>2020 | Landet<br>2020 |
|--|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|--------------|----------------|
| Del barn 1-5 år med barnehageplass                         | 82,3            | 72,5            | 79,4            | 79,8            | 85,0            | 81,7            | 90,8         | 92,9           |
| Del barn 1-2 år m bhg.pl i f.t. barn 1-2 år                | 62,8            | 51,4            | 66,4            | 61,3            | 68,6            | 59,4            | 79,9         | 85,5           |
| Del barn 3-5 år med bhg.pl i f.t. barn 3-5 år              | 95,9            | 91,1            | 89,9            | 90,6            | 97,3            | 91,3            | 97,3         | 97,4           |
| Del minoritetsspråklege born i f.t. innvandrar born 1-5 år | 71,9            | 63,2            | 76,5            | 83,0            | 75,0            | 69,2            | 86           | 84             |

Del barn 1-5 år med barnehageplass viser ein nedgang del barn hausten 2020 samanlikna med året før. Aldersgruppa 1-2 åringar ligg 20 – 25 % under kommunegruppa og landet elles i høve del barn i barnehage, medan aldersgruppa 3 – 5 åringar ligg 6 % under. Del minoritetsspråklege barn er redusert i 2020 samanlikna med 2019. Dette er ikkje ei ynskt utvikling.

Tabellen viser fordelinga av barn i barnehagane i Vaksdal ved utgangen av 2020:

|                                | 0 år (2020) | 1 år (2019) | 2 år (2018) | 3 år (2017) | 4 år (2016) | 5 år (2015) | Sum |
|--------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-----|
| Dale bhg                       | 0           | 0           | 0           | 10          | 11          | 15          | 36  |
| Stamnes bhg                    | 0           | 0           | 1           | 3           | 6           | 3           | 13  |
| Knutatunet bhg                 | 0           | 17          | 10          | 13          | 11          | 16          | 67  |
| Vaksdal bhg                    | 0           | 0           | 10          | 14          | 16          | 18          | 58  |
| Modalen bhg                    | 0           | 1           | 1           | 1           | 1           | 3           | 7   |
| Sum                            | 0           | 18          | 22          | 41          | 45          | 55          | 181 |
| Busett i Vaksdal pr.31.12.2020 | 33          | 38          | 26          | 46          | 47          | 59          | 249 |

\* ( ) = 2019

Det var 24 færre barn i barnehage og 21 færre barn busett i Vaksdal, 0-5 år, i 2020 enn 2019.

Hausten 2020 hadde Vaksdal barnehage 3 avdelingar, Knutatunet barnehage 5 avdelingar, Dale barnehage 2 avdelingar og Stamnes barnehage 1 avdeling

Føresette, tilsette og barn gjev gode tilbakemeldingar. Foreldreundersøkinga i barnehage 2020 viser at foreldra i stor grad er nøgde med tilbodet til barna, men noko høgare skår enn tidlegare år. Vaksdal har om lag same skår som landet elles, men særleg på område *informasjon* skårar barnehagane lågare enn landet elles. Svarprosenten har dei siste åra gått nedover. Dette er ei utvikling som ikkje er ynskt. Det vil vera behov for ekstra fokus og endring av gjennomføringa ved neste foreldreundersøking med mål om å auka deltakinga.

| Kategori (skala 1-5) | Vaksdal 2017 | Vaksdal 2018 | Vaksdal 2019 | Vaksdal 2020 | Nasjonalt 2020 |
|----------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|----------------|
| Tilfredse foreldre   | -            | -            | 4,1          | 4,3          | 4,5            |
| Ute- og innemiljø    | 4,0          | 4,0          | 3,9          | 4,0          | 4,2            |
| Barnets trivsel      | 4,7          | 4,7          | 4,6          | 4,7          | 4,8            |
| Informasjon          | 3,9          | 3,8          | 3,5          | 3,7          | 4,3            |
| Barnets utvikling    | 4,5          | 4,5          | 4,3          | 4,6          | 4,6            |
| Svarprosent          | 73,71 %      | 68,37 %      | 65,1 %       | 51,7 %       | 70,2 %         |

I kvalitetsmelding/tilstandsrapporten for skule og barnehage som vert lagt fram våren 2021 vil ein gå grundigare inn i mål, tiltak og resultat i høve kvaliteten i skulane og barnehagane i Vaksdal, både når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat.

#### Mål og måloppnåing:

*Barnehagen arbeider kontinuerleg og systematisk med å fremme et trygt og inkluderande barnehagemiljø.*

Barnehagane avslutta i juni 2020 kompetansehevinga “Læringsmiljø og krenkinga” om inkluderande læringsmiljø. Programmet var i regi av Høgskulen Innlandet. Alle avdelingane gjennomførte barnehagebasert kompetanseutvikling. Det er utarbeida årshjul for vidare kontinuerleg og systematisk arbeid basert på kompetanseutviklingsprogrammet. Årshjulet vart hausten 2020 tatt i bruk og det er laga rutinar for arbeidet. Arbeidet som er gjort er det knytt opp mot ny lov om psykososialt miljø som gjeld frå 1.januar 2021. Barnehagane i Vaksdal er godt førebudd på denne lovendringa gjennom det grundige arbeidet med inkluderande barnehagemiljø. Denne satsinga har gitt kollektivt kompetanseløft på eit sentralt område for barnehagesektoren. Det at satsinga har vore for heile personalet har vore avgjerande for det gode resultatet.

*Barnehagen nyttar digitale verktøy for at borna skal få erfaring med varierte metodar for leik, læring og oppleving.*

Barnehagane gjer seg særleg nytte av programvare som er utvikla for barnehagealder. Det er særleg dei eldste borna som nyttar nettbrett og digitale tavler. I høve spesialpedagogiske er digitale verktøy nytta jamleg. Det er etter kvart trong for fornying av utstyret. Det er berre ei tavle pr barnehage og dette gjer det personavhengig kor mykje det er i bruk. Vi treng betre interne system i barnehagane for deling av tavletid og kompetanse, og på sikt innkjøp av fleire tavler.

*Barnehagen legg til rette for at barn og føresette får medverka i utforminga av tilbodet*

Barnehagane har fornya og betra foreldresamtalane blant anna med at føresette kan førebu seg til samtalen. Den nye kommunikasjonskanalen Vigilo har òg betra kommunikasjonen med føresette slik barnehagen ser det. Foreldreundersøkinga vart gjennomført i november og det er framleis utfordringar med synkende svarprosent. Barnesamtalar er i stor grad gjennomført, men grunna koronasituasjonen står noko att å gjere.

#### Tilsette/HMT

Det har vore jamleg fokus på sjukefråvær i alle personalgrupper. Arbeidsmiljøgruppa i barnehagen arbeider særst godt og systematisk og det vert opplevd som positivt arbeid. Sjukefråværet i barnehage i omlag som i fjor med 14,8 %, mot 14,4 i 2019 og 14,3 i 2018. Målet for barnehage er 8 %. Barnehagane gjennomførte vernerundar i 2020 og alle tilsette har hatt tilbod om medarbeidarsamtalar.

## Helse og omsorg

Tenesteområdet har ei helse- og omsorgseining som utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle alders- og diagnosegrupper. Målsetnaden er at den einskilde i størst mogleg grad kan meistra eige liv og oppnå aktivitet og deltaking.

### Økonomi

| Helse og omsorg | Rekneskap 2020     | Budsjett 2020      | Pr Avvik           | Herav             |                    |
|-----------------|--------------------|--------------------|--------------------|-------------------|--------------------|
|                 |                    |                    |                    | Korona            | Rekneskap 2019     |
| Helse og omsorg | 132 770 855        | 116 056 000        | -16 714 855        | -9 241 247        | 126 104 166        |
| Felleskostnader | 4 534 773          | 4 944 000          | 409 227            | -373 821          | 2 462 032          |
| <b>Totalsum</b> | <b>137 305 628</b> | <b>121 000 000</b> | <b>-16 305 628</b> | <b>-9 615 068</b> | <b>128 566 198</b> |

Tilskot til AO-senteret og kjøp av tenester frå andre kommunar, som kommunalt akuttilbod i døgnplassar (ØH/KAD), vert ført under fellesområde helse og omsorg.

Samla overforbruk for tenesteområdet er 16,3 mill. Meirforbruket er i hovudsak knytt til løn, og hovuddelen av avviket skuldast tiltak knytt til Covid-19 pandemien, der kommunen blant anna har oppretta eige koronateam. Helse har brukte 9,6 millionar på Covid-19 i 2020. I tillegg har det vore auka bemanning på institusjon grunna fleire pasientar enn budsjettert. Det var budsjettert med bemanning til 16-18 sjukeheimspasientar på Dale, i løpet av året har tal pasientar vore 14-21. Snitt på pasientar på sjukeheimen på Dale var 19,1 i 2020.

### Tal utskrivingsklare døgn 2016 – 2020



Tal utskrivingsklare pasientar har lagt jamt lågare enn fjoråret. Ein har til saman redusert utskrivingsklare døgn med 60,2% frå 2019.

Vikarbyrå har vorte nytta for å dekkja inn ledige sjukepleiarstillingar me ikkje har lukkast å tilsetja i. Utfordringa har vore størst i heimebasert omsorg. Vikarane dekker inn vakter i turnus som ein elles ville hatt lønsutgifter til, dei kjem ikkje på topp av anna bemanning. I tillegg har pandemien ført til ekstrautgifter knytt til innleige frå byrå på grunn av fråvær ein ikkje har klart å dekkja inn sjølve. I 2020 vart det brukt 6,5 mill. på eksternt vikarbyrå, og 1,25 mill. av desse er knytt til Covid-19. .

### Pandemi

12. mars 2020 stengte landet ned på grunn av koronapandemien. Pandemien har hatt betydelege konsekvensar for tenesteområdet. Me har hatt strenge smitteverntiltak på alle avdelingar, og i fleire

omgangar stengt institusjonane for besøk. Ein har oppretta koronatelefon, der innbyggjarane kan stille spørsmål, avklare symptom og behov for testing. I periodar med smittetoppar har ein hatt behov for to opne telefonlinjer til dette formålet. Det har vore etablert eit eige koronateam som har stått for testing, smittesporing og planlegging av vaksinerings. Teamet har variert frå 2-4 personar. I tillegg har ein tatt inn fleire ekstra ressursar ved smitteutbrot. Kommuneoverlege, som er smittevernansvarleg, har vore frikjøpt frå fastlegeoppgåver i store deler av stillinga si frå 12.mars og ut året.

Totalt 37 personar har vore koronasmitta i 2020, dei fleste under smittetoppen i november. Det har vore stort behov for vikarpersonell, og mange nye vikarar har meldt seg til teneste. Stengde grenser og restriksjonar ved import av helsepersonell har gitt utfordringar for eininga frå mars til desember.

I periodar har det vore vanskeleg å få tak på nok smittevernutstyr, grunna mangel i heile landet. Vaksdal har likevel greidd å bygge opp eit naudsynt lager, slik myndighetene har pålagt oss.

Arbeidet kring Covid-19 har gitt oss utfordringar på administrativt nivå. Me er få personar som har ansvar for mykje i helse og omsorg. Covid-19 arbeidet har komen i tillegg til dagleg drift, ikkje i staden for. Til trass for utfordringane, har me greidd å halde oppe eit forsvarleg og godt tenestnivå. Pandemien har utfordra oss på arbeidsmetodar, og me har på kort tid måtta tileigna oss ny kunnskap og tatt i bruk digitale løysingar. Samarbeid mellom tenesteområda og mellom ulike nivå i kommunen har vore svært god.

Sjølv om nokre dagsenter og gruppetilbod i periodar har vore stengt, har dei fleste tenestene i helse og omsorg gått som normalt. Kun i startfasa av pandemien vart personell som til dømes praktisk bistand omdisponert for å kunne halde forsvarleg drift.

#### Utviklingsarbeid

Sjølv om store deler av 2020 vart dominert av Covid-19, har likevel mange tilsette fått auka kompetanse på ulike område. Det skuldast at ein i større grad har nytta seg av digitale opplæringsverktøy, samt at det blitt arrangert eit utal av webinar som har ført til at fleire tilsette har kunne deltatt. Elles har ein halde fram med å samarbeida godt rundt utviklings- og effektiviseringstiltak eksternt med spesialisthelseteneste og kompetansemiljø og andre kommunar så langt det har vore mogleg. Me har halde fram med påbegynt utviklingsarbeid som byrja i prosjektet "Lev vel i Vaksdal" som blei avslutta i 2019. Blant anna har ein gjennom deltaking i Vestlandsprosjektet, som er ein del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet, delteke på ulike Workshop, opplærings og nettverk knytt til innføring av velferdsteknologi i kommunal sektor.

I 2020 blei me også med i E-helse Vestland. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Velferdsteknologiprojektet i Sogn og Fjordane og Vestlandsprosjektet. Dei to velferdsteknologiprojekta har også knyta til seg fleire samarbeidspartar som saman utgjer E-helse Vestland. Prosjektet er ein del av ein fleirårig plan. Visjonen for prosjektet er at alle innbyggjarane skal kunne bu lengst mogleg heime i alle deler av Vestland fylke, støtta av velfungerande tenester bygd på velferdsteknologi i alle kommunane.

Det er søkt om tilskot knytt til utviklingsarbeid og kompetanseheving, og me fekk i 2020 kr. 376 250 til kompetanseheving knytt til utdanning av fagarbeidarar, sjukepleiarar og vidareutdanning. Kommunen har også i 2020 hatt midlar til styrking av rusfeltet i kommunen. Ein person vart tilsett i 2019 i prosjektstilling innan rus og psykiatri for å styrka kommunal satsing innan rusfeltet.

I 2020 fekk Agenda Kaupang i oppdrag å gjennomføra ein gjennomgang av helse og omsorgstenestene. Prosjektet blei gjennomført i april – november. Planen var å ha ei brei tilnærming og involvering av aktuelle aktørar, men tilpassingar måtte gjerast på grunn av restriksjonar knytt til Covid-19. Intervju er gjennomført digitalt. Ved utarbeiding av tiltak og strategiar blei det gjennomført ein dialogkonferanse



der leiarar, politikarar, brukarrepresentantar og tillitsvalte deltok. Fokuset har vore på behov og kapasitet, organisering, medverknad, ressursbruk og framtid – og utviklingsbehov. Basert på innhenta data, dialogkonferansen og analyser er det utvikla hovudstrategiar tilhøyrande innsatsområde som skal setja føringar for arbeidet vidare i økonomiplanperioden 2021 – 2024.



4 strategiane med dei 12 innsatsområda

Mogelegheitstudie for bygg i helse og omsorg byrja i 2018 og var levert av Norconsult. Prosessen har gått gjennom fleire år med ulike brukarinvolveringar, blant anna har det blitt gjennomført folkemøte og høyring. Etter vedtak i kommunestyret i juni 2020, blei prosjektleiar hyra inn. Søknad til Husbanken blei sendt og innvilga i desember 2020. Norconsult fekk i oppdrag å utarbeida teikningar og anbudsdokument. Tilsette frå fleire einingar har vore involvert gjennom ulike brukargrupper og følgt prosessen tett. Dei kommunale råda har følgt prosessen og gitt innspel. Anbudsutlysing blir i byrjinga av 2021 og oppstart av bygging blir hausten 2021.

Stortingsmelding 15, Leve heile livet, er ein kvalitetsreform med hovudfokus på å skape eit aldersvenleg Noreg og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenester. Tidsplanen for gjennomføringa av reforma er 2019 – 2023. I 2020 har me jobba med kva fokus ein skal ha i Vaksdal og starta arbeidet med å planlegge korleis reforma skal gjennomførast lokalt. Fleire tenesteområde og brukarråd/-representantar er involvert i arbeidet. Det skal gjerast politisk vedtak innan utgangen av 2021.

#### Mål og måloppnåing

*Brukarundersøking skal gjennomførast på avdelingane i samsvar med årshjul.*

Det har vore gjennomført brukarundersøking i psykisk helse og rus. Den planlagde brukar- og pårørandeundersøkinga på institusjon er utsett til 2021. Det vart vanskeleg å gjennomføre undersøkinga under den pågåande pandemien, der institusjon har vore heilt eller delvist stengt for besøk sidan mars.

*Brukarmedverknad på system-/tenestnivå skal nyttast i forbetningsarbeid.*

Brukarutvalet for institusjonane og dei kommunale brukarråda har hatt faste møte gjennom året og gir innspel til utviklings- og forbetningsarbeid.

*Pårørandemøte og informasjonsmøte skal gjennomførast i samsvar med årshjul.*

Pårørandemøte på institusjonane er gjennomført. I bueninga for funksjonshemma har individuelle

pårørandemøte vore tilpassa kvar einskild brukar.

*Gjennom samarbeid med frivillighet og ved bruk av samskapingsplattforma Friskus sikra at gode tilbode som fremjar deltaking og meistring vert etablert og vidareført.*

Covid-19 pandemien og restriksjonane knytt til den, har ført til at det i nesten heile 2020 har vore vanskeleg å gjennomføra arrangement og tiltak der ein skal samle fleire knytt til deltaking og meistring. Ein vil revitalisera samskapingsplattforma Friskus og vidareføra arbeidet med samarbeid med frivillige så snart det er mogleg i 2021.

*Velferdsteknologi som gir auka trygghet, meistring og deltaking skal fasast inn som ein del av tenestene i tråd med nasjonale føringar*

Alle tryggleiksalarmar er i løpet av 2020 blitt digitale. Ein har starta montering av og teke i bruk E-lås til brukarar med tryggleiksalarm og/eller omfattande heimesjukepleie. Dette har vore gjort i samarbeid med Samfunnsutvikling. Ein har starta arbeidet med å montere nytt pasientvarslingsanlegg på Ressurssenteret for personar med demens på Vaksdal. Dette er eit flott og moderne anlegg, med moglegheiter som legg betre til rette for meistring for pasientane og betre utnytting av tid for pleiarane. Anlegget vil stå ferdig i starten av 2021.

*Auka bevisstheit rundt kva konsekvensar nasjonale og globale utfordringar kan få for lokalt helsetilbod, og bu oss på dette.*

Dette var eit framsynt mål, sett før me kjende til den globale Covid-19 pandemien. 2020 har gitt oss praktisk øving i å handtere ein global og nasjonal pandemi, med alle konsekvensane det har medført. Alt frå stengde landegrensar, nasjonale og regionale råd og reglar, lokale utbrot og beredskapsarbeid, har påverka arbeidskvardagen i helse og omsorg i stor grad frå mars 2020. Erfaringane lokalt og nasjonalt har gitt oss auka bevisstheit og mykje kunnskap om korleis ein handterer ein pandemi.

## Helse og omsorgseininga

Eininga består av avdelingane:

- Heimebaserte tenester, som består av heimesjukepleie, praktisk bistand, dagsenter og fem plassar for omsorg pluss.
- Institusjonsplassar på Helsehuset med langtids- og korttids plassar.
- Ressurssenteret for personar med demens på Vaksdal med to avdelingar på til saman fire bugrupper med 32 langtids plassar. To av bugruppene er øyremerkt personar med demens.
- Elvavegen, bueining for funksjonshemma. Her ligg også avlastningsbustad for born.

Helse og omsorg har også tenestene psykisk helse og rus, legekantoret, fysio- og ergoterapeutar og forvaltningskontoret. Desse tenestene er organisatorisk plassert under einingsleiar. Fysioterapeutar med driftstilskot har samarbeidsmøte med einingsleiar og kommunal fysioterapeut.

I Elvevegen har me hatt ombygging av avlastningsbustad, og har gått frå ein bustad til to. Ein har kopla leilegheitene saman, for sambruk og ressursutnytting. Dette har ført til at me har kunna gitt eit betre tilbod til born og foreldre med behov for avlastning etter Helse og omsorgstenestelova.

Heimetenesta har gjort endringar i leiarstruktur sidan 2019. Ein har fått inn to gruppeleiarar i 60% administrasjonsstilling, som støttefunksjon til avdelingsleiar. Dette vart gjort etter ei større evaluering av heimebasert omsorg, som er den største avdelinga i helse og omsorg.

Avdelingsleiarar, gruppeleiarar og fagleiar i helse og omsorg har delteke i internt leiarprogram, der fokus har vore meistringsorientert leiing. Val av tema er resultat av medarbeidarundersøkinga 2019, der tilsette i helse og omsorg samlast om å velje fokusområde for forbetring. Leiarprogrammet har hatt tema som kommunikasjon, verdi og haldningar, stressmeistring, korleis omsetje overordna planar og mål til i praksis og individuell oppfølging av tilsette.

Psykisk helse og rus

I 2020 hadde avdelinga 3,8 årsverk der 1 årsverk var knytt til prosjektmidlar i forbindelse med opptrappingsplanen på rusfeltet.

Avdelinga har skifta namn frå rus og psykiatri til avdeling for psykisk helse og rus. Dette vart gjort på bakgrunn av tilbakemeldingar frå brukarar og tilsette. Medan psykiatri er læra om diagnosar, har alle menneske ei psykisk helse. Rus vart flytta til slutten av namnet då mange pasientar ikkje kjende seg att i dette og opplevde det som stigmatiserande.

På slutten av året vart det utført brukarundersøking. I 2020 fekk me 13 svar, ein svarprosent på 21% med resultat på 3,8 (skala 1-5).

Kriseteam

Kriseteamet har hatt 2 fagdagar, der den eine hadde tema om krisearbeid under pandemi. Det var meldt tre saker til kriseteamet i 2020. To av sakene involverte delar av kriseteamet og ei vart handtert av eksterne (bedriftshelseteneste). Det er laga ny brosjyre til kriseteamet som dei deler ut til involverte ved hendingar.

Legekontor

Legekontoret har hatt ei større organisatorisk endring i 2020. Den privat praktiserande legen i Vaksdal gjekk av med pensjon sommaren 2020. Stillinga vart lyst ut tre gonger, utan at ein lukkast å tilsetje som privat legepraksis. Legeheimelen vart innlemma i kommunelegekontoret, og ein laga plan for samlokalisering av legekontora i Vaksdal. Omgjeringa har ført til auka driftsutgifter på legekontoret, som vil følge oss vidare i budsjetta framover. Omgjeringa var naudsynt for å rekruttere fastlege, ei rekruttering som er vanskeleg i heile landet.

I påvente av tilsetting, har vikarlegar vorte nytta. 1. oktober vart det gjort fast tilsetting, og på slutten av året vart legeheimelen flytta til 3. etg. på Heradshuset. Det var behov for å dele legepraksisen i to lokale i Heradshuset, då Covid-19 og smittevern påverka behov for areal på venterom og i kontorlokala. Kommuneoverlegen har vore frikjøpt til å jobba fulltid med pandemien, noko som har påverka fastlegekapasiteten i store deler av 2020.

Ergo- og fysioterapi:

Ergoterapitenesta leverer tenester til brukarar i heile kommunen. Dette inkluderer institusjonar, som bustad for psykisk utviklingshemma, sjukeheimane, skule, barnehage, og brukarar i private bustadar og omsorgsbustadar. Kjernen i ergoterapi er å fremme helse og livskvalitet gjennom aktivitet og deltaking i leik, arbeid og eigenomsorg. Intervensjonen tek for seg menneska sine føresetnader for å være aktive og deltakande i kvardagslivet.

| Tilvisingar ergoterapi 2020 (2019)                                  |                          |
|---|--------------------------|
| Tal tilvisingar til ergoterapitenesta                               | 290 (271)                |
| Tal søknadar på hjelpemiddel sendt                                  | 44 (34)                  |
| Tal gonger bestillingsordninga til NAV er nytta frå Vaksdal kommune | 132 (83)                 |
| Tal tilvisingar med hjelp til vurdering og utprøving                | 6(9)                     |
| Tal opplæring i bruk  | 16 senger                |
|   | 3 personløftarar         |
|   | 7 elektriske rullestolar |

Den kommunale fysioterapeuten hadde 905 konsultasjonar i 2020 (979 i 2019, 986 i 2018). Nedgangen i konsultasjonar kan sjåast i samanheng med Covid-19 situasjonar. Ein har i periodar av 2020 kun gitt naudsynt helsehjelp, i tråd med Vedtak etter lov om vern mot smittsame sjukdomar.

Den kommunale fysioterapitenesta er hovudsakleg for brukare som er over 18 år. For brukarar over 18 år er kriteriet for oppfølging at dei har behov for fleire koordinerte kommunale tenester, at dei har opphald ved institusjon eller treng behandling i eige miljø. Brukarane er tilvist frå spesialisthelsetenesta, fastlegar, personale ved sjukeheimane, og andre kommunale tenester som heimetenesta. Det er ikkje naudsynt med tilvising og brukare kan sjølv ta kontakt med fysioterapitenesta. Den kommunale fysioterapeuten har delteke i og organisert to gruppetilbod i 2020. Ei treningsgruppe for hjarte/lungesjuka og ei trivselsgruppe i samarbeid med psykisk helse og rus. I periodar av året har gruppetilbodet vore på pause, grunna smitterestriksjonar knytt til Covid-19. I tillegg til kommunefysioterapeut er det tre fysioterapeutar med driftstilskot i kommunen.

For dei over 18 år er fordelinga slik:

|      | Sjukeheim langtid | Korttidsavd. (og tryggleiksplass) | Poliklinikk | Heimebesøk |
|------|-------------------|-----------------------------------|-------------|------------|
| 2020 | 16                | 320                               | 168         | 401        |
| 2019 | 42                | 251                               | 195         | 491        |
| 2018 | 54                | 299                               | 146         | 487        |

#### Forvaltning:

Forvaltningskontoret fatta 731 vedtak i 2020 (886 i 2019, 803 i 2018 og 945 i 2017).

Det har vore 4 klagesaker på vedtak etter Helse og omsorgstenestelova. 1 av desse var påbyrja i 2020, men ikkje ferdig handsama i år. 1 vart sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland, kommunen fekk medhald. 1 vart handsama i den lokale klagenemnda, kommunen fekk medhald. 1 fekk omgjort vedtaket av kommunen, og klagen vart difor ikkje sendt vidare.

#### Tal brukarar av heimebaserte tenester 2015 – 2020:

|  | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--|------|------|------|------|------|------|
| Heimehjelp                                     | 132  | 136  | 141  | 138  | 126  | 142  |
| Heimesjukepleie                                | 140  | 147  | 160  | 162  | 152  | 185  |
| Dagsenter                                      | 37   | 45   | 53   | 52   | 37   | 42   |
| Tryggleiksalarm                                | 94   | 106  | 116  | 121  | 117  | 145  |
| Matombringing (inkludert kantina på Daletunet) | 39   | 49   | 47   | 38   | 38   | 38   |
| Avlastning                                     | 8    | 8    | 9    | 11   | 7    | 4    |
| Støttekontakt                                  | 25   | 28   | 30   | 28   | 28   | 24   |
| Omsorgsløn                                     | 13   | 12   | 12   | 12   | 12   | 13   |
| Personleg assistent                            | 9    | 10   | 10   | 9    | 8    | 8    |

Data henta frå kodane: DHH, DHP, DAM/DAM2, TRY, MAB/MID og KOSTRA-tabell 6.

#### Mål og måloppnåing

*Gjennomføra pårørandemøte på begge institusjonane og i Elvevegen*

Pårørandemøte på institusjonane er gjennomført. I Elvevegen har individuelle pårørandemøte vore tilpassa kvar einskild brukar.

*Fagutviklingsprogrammet "Demensomsorgens ABC" skal gjennomførast etter planen*

*9 tilsette deltek på det toårige programmet, og er starta på perm 2 i 2020. Kursdeltakarane har bestått av tilsette frå både Ressurssenteret, Dagsenter og 4. etg Daletunet. Totalt har ein kursa 18 tilsette i Demensomsorgens ABC. Desse 18 kjem i tillegg til dei 9 som går no.*

*Rus- og psykiatritenesta skal styrka tenestetilbodet innan rusfeltet*

Me har hatt ei prosjektstilling innan rusarbeid i 2020. I prosjektet har ein hatt fokus på oppfølging av enkeltindivid og oppfølging i grupper. Ein er starta arbeidet med å styrka tenestetilbodet på systemnivå, og ein vil fortsette arbeidet i 2021

*Elvavegen skal gjennomføra kompetanseutviklingsprogram for tilsette*

7 tilsette har gjennomført "Mitt livs ABC" saman med tilsette frå oppvekst og frå sjukeheim. Ein har etablert internt Felles Fagleg Fokus, eit vekentleg møte i arbeidsgruppa. Covid-19 pandemien har gjeve utfordringar for gjennomføring av møta.

*Metodikk for førebyggjande heimebesøk skal utprøvast og etablerast*

Me har hatt tverrfaglege møter og er kome godt i gong med planlegginga av korleis førebyggjande heimebesøk skal organiserast i Vaksdal. Grunna Covid-19 har det ikkje vore mogleg å samle til større informasjonsmøte for innbyggjarar i eldre aldersgruppe. Arbeidet med førebyggjande heimebesøk vert vidareført i 2021

*Ta i bruk e-læringsprigram systematisk innan medikamenthandtering*

Ordninga er etablert og fungerer godt. Tilsette som skal ha medisindelegasjon, tek no 12-timars obligatorisk kurs via e-læring, supplert med praktisk opplæring i oppgåva på arbeidsplassen. Ordninga har gjort det lettare og meir fleksibelt å få gjennomført obligatorisk undervisning før ein kan ta til å dele ut medisin.

*Nytta nasjonalt digitalt kommunikasjonsverktøy, Digihelse, i dialog med heimebuande.*

Arbeidet har vorte forsinka grunna Covid-19. Fleire brukarar ligg no aktivt inne med opning for dialog gjennom Digihelse. Me har prøvd ut dialogen ved å nytte testbrukarar. Arbeidet vil halde fram i 2021

*Implementera "Klart språk" i vedtaksmalar*

Tilsette ved Forvaltningskontoret har teke e-læringskurs innan Klart språk. Me har laga eit utkast til ny mal for vedtak, og Eldrerådet har gitt attendemelding på denne. Arbeidet har vorte forsinka grunna Covid-19, men vert vidareført i 2021

*Gjennomføra og implementera hendingsanalyse i regi av Helsedirektoratet i interne styringsdokument*

Me har gjennomført fleire interne hendingsanalysar og er i gong med å lage ei tilpassa rutine for hendingsanalyse lokalt i avdelingane.

*Styrka samarbeidet med pårørande og klargjera pårøranderolla gjennom møte, samarbeidsfora, informasjon og dialog rundt eksisterande lovverk og rammer*

Me gjennomfører pasient- og pårørandemøter som standard under korttidsopphald. Det er etablert faste individuelle pårørandemøter til bebuarar på langtids plass. Forvaltningskontoret, i samarbeid med heimesjukepleia, organiserer pasient- og pårørandemøter til heimebuande der det er ønskje om eller trong for det.

*Saman med tillitsvalde jobba for å nå mål om heiltidskultur og ta i bruk turnusordningar som mogleggjer dette.*


Helse, HR og hovudtillitsvalte for Fagforbundet og Norsk sjukepleiarforbund har hatt faste møte gjennom 2020, der hovudfokus har vore dialog om årsturnus. I desember 2020 starta ein forhandlingar om årsturnus, og forhandlingane heldt fram i starten av 2021.

Tilsette/HMT

Helse og omsorg har ei metodisk tilnærming til HMT arbeid. Ein gjennomfører vernerundar, utformar handlingsplanar og jobbar med og lukkar avvik. Arbeidsmiljøgruppene har vore aktive, sjølv om nokre møte har gått ut grunna Covid-19. AMG helse og omsorg gjennomførte sine 4 årlege møte og hadde saker som sjukefråvær, arbeidsmiljø, kompetanse, økonomi og kommunikasjon oppe.

